



Innkalling

til

Kommunestyret

Møtedato: 17.12.2014

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 17:00

Kommunestyremedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem vert innkalla. Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentssenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentssenteret.

Sakliste

Saknr	Tittel
74/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
75/2014	Godkjenning av møtebok
76/2014	Referatsaker
77/2014	Kommunereforma - ny kommunestruktur
78/2014	Rapport skulestruktur 2015-2018
79/2014	Revidering av investeringsbudsjett for 2014 og låneopptak for finansiering av investeringar for 2014
80/2014	Eigenbetaling for tenesteyting og varer innan helse- og sosialetenester - nye satsar frå januar 2015
81/2014	Feie- og tilsynsgebyr for 2015
82/2014	Gebyr for slamtømming 2015, reduserte satsar
83/2014	Renovasjonsgebyr 2015
84/2014	Vass- og avlaupsavgifter 2015. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune, endra lovheimlar
85/2014	Tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019 - Slutthandsaming
86/2014	Framlegg budsjett 2015
87/2014	Sluttrekneskap for Meland Sjukeheim pr august 2014
88/2014	Klinikksstrukturplan 2015-2030 for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsuttale frå Meland kommune
89/2014	Biosfæreprosjektet
90/2014	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2015 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)
91/2014	Høyring Regional plan for vassregion Hordaland.
92/2014	Høyring om forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikten.
93/2014	Spørsmål om sikring av Mjåtveittjørna naturvernområde
94/2014	Søknad om vidare permisjon frå politiske verv
95/2014	Selskapskontroll

23. mai 2016

Nils Marton Aadland
ordførar

Randi Helene Hilland
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/4481

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
74/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/4481

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
75/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Godkjenning av møtebok frå møte 19.11.14

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 19.11.14 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/4481

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
76/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
76/2014.1	Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2015 - Registrering av to personer med ansvar for praktisk valggjennomføring i kommunen/fylkeskommunen
76/2014.2	Gnr 23 Bnr 1 mfl - Elvaåsen - Reguleringsplan
76/2014.3	Møteutskrift frå møte 01.12.14

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 002	14/4064

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
97/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
77/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Kommunereforma - ny kommunestruktur

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Stortinget har i samband med kommuneproposisjonen for 2015 bede alle kommunane utgreie om vi skal gå saman med aktuelle nabokommunar med sikte på å etablere ein ny kommune, eller meiner det er grunnlag for å halde fram som eigen kommune. Bakrunnen for dette er at regjeringa ynskjer å flytte makt og ansvar til større, meir robuste kommunar.

Stortinget slutta seg til overordna mål for reforma. Desse vil være førande for kommunane sitt arbeid:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Kommunereforma er ei velferdsreform. Det handler om betre velferdstjenester der folk bur, no og i framtida; gode skular, pleie og omsorg når vi vert eldre og eller sjuke, trygge barnehager for borna våre. Det handler også om kva som skal til for å ta vare på dei innbyggjarane som treng det aller mest: Barn som treng barnevernet, rusavhengige, menneske med psykiske helseutfordringar og dei som fell utanfor.

Kommunereforma handlar og om ei betre organisering i område der både innbyggjarar og næringsliv dagleg kryssar fleire kommunegrenser, og der større kommunar vil kunne gje ei meir heilskapleg og god planlegging til beste for innbyggjarane.

Ekspertutvalet for kommunereform har sett opp ti kriterier for kommunar – som alle kommunar må vurdere:

- | | |
|-------------------------------|--|
| 1. Tilstrekkeleg kapasitet | 6. Valgfridom |
| 2. Relevant kompetanse | 7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområde |
| 3. Tilstrekkeleg avstand | 8. Høg politisk deltaking |
| 4. Effektiv tenesteproduksjon | 9. Lokal politisk styring |
| 5. Økonomisk soliditet | 10. Lokal identitet |

Stauts

Kommunane er i dag svært ulike og har ulike utfordringar. Medan nokre kommunar opplever nedgang i folketal, opplever andre slik som Meland stor vekst. Dette er utfordrande for planlegging, dimensjonering og finansiering av tenestene, både for vekstcommunar og kommunar med nedgang i folketal. Alle kommunar har plikt til å yte same tenester, men både inntekstføresetnader og utgiftsbehov er svært ulikt mellom kommunane.

Endring i kommunestruktur kan difor sjåast på som ein del av den framtidige utviklingsstrategien for å få til ein meir robust kommune. Målet er å utvikle ein attraktiv kommune både for næringsliv og innbyggjarar. For å få det til må vi kunne tilby gode og føreseielege tenester og meir like vilkår. Dette får vi ikkje godt nok til innanfor dagens stuktur og med dagens system for finansiering av kommunale tenester.

Ein god start på prosessen vil vere å skaffe seg god oversikt over kor kommunen står i dag og kartleggje dei viktigaste utfordringane vi ser framover. Vi har allereie mykje av denne innformasjonen tilgjengeleg, men den treng systematiserast, supplerast og gjerast tilgjengelig.

Lokalt eigarskap i denne delen av prosessen vil leggje eit grunnlag for at både folkevalde og innbyggjarar får same forståing av det utfordringsbiletet kommunen står i no og i framtida. Drøfting av kommunen si framtid er ikkje berre ei oppgåve for rådmann og ordførar, men krev ein brei demokratisk prosess.

Kva har skjedd i Meland og Nordhordland?

I Nordhordland hadde vi ein prosess fram som enda ut med rapport frå ECON-analyse i juni 2006. Utgreiinga vart gjennomført på oppdrag frå Regionrådet. I rapporten er tre framtidsscenarier vurdert for kommunane Fedje, Meland, Lindås,

Austrheim, Radøy og Masfjorden:

1. Samanslutning av dei seks kommunane
2. Ein samkommune mellom dei seks kommunane
3. Vidareføring av dagens kommunestruktur

I prosessen vart det gjort grundige utgreiingar, men det var ikkje reell vilje til å gå inn i debatten om kommunestruktur. Prosessen konkluderte med at vi i staden skulle satse på meir forpliktande samarbeid.

I 2010 gjorde alle kommunane i regionen vedtak om å gå i gang med nye utgreiingar, for igjen å sjå på grunnlaget for endring i kommunestrukturen i Nordhordland. Dette var ut frå ei erkjening om at vi er eit felles bu- og arbeidsområde, og at auka oppgåver og krav til kompetanse er utfordrande for kommunane.

Telemarksforskning saman med Ernst & Young vart engasjert gjennom NUI (regionrådet) våren 2013 for å utarbeide eit skriftleg vedtaksgrunnlag for kommunane sine val av vidare prosess i prosjektet kommunestruktur 2015. Som ei innleiing oppdaterte Telemarksforskning m.fl rapporten til ECON-analyse frå 2006 fase 1 i prosjektet. «Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland». Rapporten frå fase 1 og fase 2.1 «kommunestruktur 2015», skulle saman danne eit grunnlag for endeleg avgjerd for kommunane si vidare deltaking i prosessen. Det kommunane skulle ta stilling til i fase 2.1 var om dei ynskte å delta i eit utgreiingsløp med sikte på ny kommunestruktur, eller ei eit samarbeidsløp.

Etter planen skulle fase 2.1 avløysast av fase 2.2 som var sjølve utgreiinga og til slutt fase 3, gjennomføring. Grunna signal om at regjeringa ville setje kommunestruktur på dagsorden stoppa den lokalt initierte prosessen opp, i påvente av kva regjeringa kom med.

Som kjent gjorde Storting vedtak i vår (2014), i samband med kommuneopposisjonen for 2015 om at alle kommunar har eit ansvar for å utgreie framtidig kommunestruktur.

Kven er aktuelle partnarar?

I det arbeidet som er gjort til no er det andre kommunar i Nordhordland som har vore aktuelle partnarar for Meland. Dette er basert på at vi allereie har eit tett og godt samarbeid. Vi har lange tradisjonar for å samarbeide både formelt og uformelt. Vi har også ein felles bu og arbeidsmarknad. Vi har også kulturelle og historiske band som knyt folk i kommunane saman.

Det som ikkje er utgreidd er konsekvensar av å gå inn som del av Bergen. Dette bør vi ta oss tid til å utgreie før vi trekker endeleg konklusjon om framtidig kommunestruktur. Meland grensar mot Bergen, og vi er i dag ein del av Bergensalliansen. Største delen av arbeidsutvandringa frå Meland går mot Bergen. Mange av innbyggjarane brukar og tilboda i Bergen for fritidsopplevingar, handel og sosial arena, meir enn dei gjer mot resten av Nordhordland.

To løp

Kommunane må leggje opp til prosessar som gjer at vi kan følgje eit av reforma sine to løp:

1. Kommunar som vedtek sammenslåing seinast hausten 2015: kongelig resolusjon
Kongen i statsråd har mynde til å vedta sammenslåingar der kommunane er samde. For kommunar som gjer kommunestyrevedtak i løpet av hausten 2015, vil departementet leggje til rette for at sammenslåing skal kunne vedkast på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016. Desse samanslåingane vil kunne tre i kraft frå 1. januar 2018.

Dersom kommunar fattar vedtak om sammenslåing vinter/tidlig våren 2015, vil departementet freiste å kome dette i møte ved å fremmje kongeleg resolusjon sommeren 2015. Ei slik sammenslåing vil kunne tre i kraft 1. januar 2017.


I røynda er det svært få kommunar som rekk dette løpet. Føresetnaden er at ein alt er i gang med konkrete planar og har gjort innleiande vedtak.

2. Proposisjon om en heilskapleg kommunestruktur til Stortinget våren 2017

I reforma vert det lagt opp til at kommunane fatter vedtak våren 2016. Regjeringen planlegg å fremje ein samla proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017.

Kommunale vedtak som vert fatta hausten 2015, men som av ulike årsaker ikke vert fulgt opp av kongelig resolusjon våren 2016, vil også bli inkludert i proposisjonen. Dette gjeld i tilfelle der meir enn ein kommune i ei sammenslåing vil skifte fylke, eller at sammenslåinga ikke er i tråd med dei nasjonale måla for reformen.

Departementet legg til grunn at sammenslåingene som eit utgangspunkt vil setjast i verk seinast frå 1. januar 2020.



For kommunane i regionen står det igjen ein god del utgreiingsarbeid som må gjerast før vi har eit godt nok grunnlag å ta endeleg avgjersle på.

Framdriftsplan

Det å syte for god forankring og god kommunikasjon er viktige føresetnader for ein vellukka prosess. Kommunane bør difor så tidleg som mogeleg lage ein overordna framdriftsplan, som kan justerast underveis i prosessen. Det kan og vere tenleg å organisere utreiinga som prosjekt, med hovudprosjekt og delprosjekt.

Frandriftsplanen bør innehalde ein plan for kommunikasjon. Kommunikasjonsplanen bør sikre god kommunikasjon gjennom heile prosessen både med tilsette og innbyggjarane i dei kommunane som er del av utgreiinga. Kommunar som vurderer å slå seg saman bør verte samde om felles kommunikasjonsopplegg, slik at alle vert involverte på same måte.

Korleis kommunen legg opp den vidare prosessen vil vere avhengig av kor mange alternativ kommunestyret vil gå vidare med. Dersom det berre er eit eller to alternativ som er aktuelle, kan ein relativt raskt involvere aktuelle grupper intressentar og etablere ulike prosjekt i det vidare arbeidet. Det er naturleg å opprette prosjektgrupper for mellom anna å sjå på korleis tenestene kan organiserast, og korleis lokaldemokratiet kan organiserast på best mogeleg måte.

Eit sams framtidig bilete av kva som er mogeleg

I rettleiingsmateriellet som er lagt ut på Kommunerefom.no er det vist til at aktuelle sammenslåingskommunar må organisere arbeidet på ein slik måte at vi får dekka alle område som vert viktige for kommunane i det videre arbeidet. Hovedoppgåva vert å presentere tema som skal gje innbyggjaren og folkevalde eit godt kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere kva mogelegheiter sammenslåingsalternativa gir.

Identitet er ofte et spørsmål i diskusjonen om kommunestruktur. Her er det viktig å kartlegge kva ein har felles, som til dømes lokalaviser, idrettslag, handelssenter, og skuler. Erfaringer viser at ny identitet kan byggjast uten at dette går ut over innbyggjarane sin identitet til lokalsamfunnet dei bur i.

Det er eit omfattande arbeid som står føre oss før vi kan fatte endeleg vedtak om ny kommune. Eit utgreiingsløp med mål om endeleg vedtak våren 2016 er difor det einaste realistiske slik rådmann ser det. Nokre av spørsmåla det kan vere aktuelt å vurdere, kan vere:

Tenester

Korleis vil den demografiske utviklinga bli fram mot 2040?

- Kva behov for arbeidskraft vil vi ha innan dei ulike tenestene?
- Korleis vil kommunestorleik påverke rekrutteringa?
- Korleis vil ei eventuell kommunesammenslåing kunne påverke djubde og bredde i tenestetilbodet?
- Korleis kan tenestene organiserast i ein større kommune?
- Kva tenester vil ha samme lokalisering som i dag, og kva tenester er aktuelle å samlokalisere for å skape sterkare, betre og meir effektive fagmiljø?
- Korleis vil ein større kommune kunne påverke kor tilgjengelege dei ulike tenestene vert for innbyggjarane?

- Kan vi ved ei sammenslåing ta i vare flere oppgåver i den nye kommunen og slik redusere interkommunalt samarbeid?

Oppsummering og vurdering av tenestene med omsyn til kvalitet, kompetanse, tilgjenge, rekruttering, stordriftsføremoner, og effektivisering, jf. kriterier og mål.

Utøving av mynde

Fylgjande spørsmål kan være av særskild interesse å avklare når det gjeld utøving av mynde:

- Korleis vert tilgangen på juridisk kompetanse i ein ny kommune?
- Korleis kan vi etablere gode system for eigenkontroll?
- Korleis kan vi få til ei saksbehandlingstid som kjem i møte næringslivet sine krav?

Oppsummering og vurdering av korleis rettstryggleiken kan bli betre i ein større kommune? Korleis kan ein ny kommune etablere system for eigenkontroll som kan redusere statleg tilsyn?

Samfunnsutvikling

Det er vanleg å leggje ei brei forståing av samfunnsutvikling til grunn i analyser av kommunen si rolle som samfunnsutviklar. Det handlar om langsiktig arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, stad- og sentrumsutvikling, næringsutvikling, miljø og folkehelse i vidaste forstand. Med andre ord, korleis vi kan skape attraktive lokalsamfunn.

Byutvikling

I vekstkommuner går tettstadsgrenser og pendlingsoner i aukande grad på tvers av kommunegrensene. Dette gjer det vanskeleg å planleggje og å realisere heilskaplege, effektive og framtdsretta løysingar for buområde, kommunikasjon/infrastruktur, næringsområde og tenestetilbod.

Stadutvikling

Små kommunar kan ha utfordringar med å fylle rolla som vert kravd i eit aktivt samfunnsutviklingsarbeid. Arbeid med innovasjon, næringsutvikling, stadutvikling og auka attraktivitet krev både kompetanse, kapasitet og evne til å etablere møteplasser, partnerskap og samhandling med eit breidtt spekter av aktørar på ulike nivå.

Aktuelle spørsmål å vurdere:

- Kva oppgåver og utfordringar krev felles løysingar på tvers av kommunegrensene?
- Kva føremoner gir færre kommunegrenser for planlegging av ei langsiktig og helskapleg utvikling?
- Reduserer ein sammanslått kommune behovet for interkommunalt plansamarbeid?

- Korleis er inn- og utpendlingsmønsteret i regionane og mellom samanslåingskandidatene?
- Gir sammanslåing betre kapasitet til å drive innovasjonarbeid?
- I kva grad er det skilnad mellom kommunane i synet på framtidig utvikling, og kva er det eventuelt desse skilnadene handlar om?
- Korleis kan ei kommunesammenslåing påverke kommunene si rolle som utviklingsaktør, og kva vinstar vil det vere mogeleg å realisere?

Demokrati

Aktuelle spørsmål for å sjå nærmare på lokaldemokratiet:

- I kva grad kan ei kommunesammenslåing medverke til mer heilskapleg og direkte styring av utviklinga i regionen?
- Ei kommunesammenslåing vil som regel gi færre kommunestyrerrepresentanter enn for dei tidligere kommunane samla. Kva alternative former for deltaking kan vere aktuelle for å sikre og videreutvikle det lokalpolitiske engasjementet i ein sammenslått kommune?
- I kva grad er det aktuelt med kommunedelsutval og kva slags mynde og oppgåver kan i så fall bli delegert til desse?

Oppsummering og vurdering - korleis kan alle delar i den nye kommunen verte del av dei demokratiske prosessane?

Økonomi

Spørsmål som det kan være aktuelt å avklare når det gjeld økonomi kan være:

- Korleis vil prognosar for framtidig demografiutvikling påvirke kommuneøkonomien?
- Har kommunene ulik praksis når det gjelder eiendomsskatt og prising av kommunale tenester?
- Ligg kommunane i ulike soner for arbeidsgjevaravgift, landbrukstilskot, eventuelle andre statstilskot og øyremerka tilskot?
- Har nokre av kommunene inntekter frå kraftproduksjon?
- Vil ein framtidig kommune vere meir robust når det gjeld framtidige investeringar, til dømes i infrastruktur?
- Korleis vil ei kommunesammenslåing løyse ut behov for infrastruktur, utstyr og tiltak for samkjøring og harmonisering mellom dei gamle kommunane?
- Kva vil den nye kommunen motta i reformstøtte og støtte til dekking av eingangskostnader?

Oppsummering og vurdering – kvar får vi dei viktigste vinstane ved ein større kommune?

Korleis utfyller kommunene kvarandre når det gjeld bustader, arbeidsmarknad og næringsliv?

Vil "kvardagsregionen", dvs. regionen der innbyggjarar og næringsliv har sitt daglege virke, samsvere betre med den nye kommunegrensa?

Tilråding, informasjon og høyring

Rådmennene i dei aktuelle kommunane bør koordinere seg og førebu ei sak til kommunestyra som oppsummerer prosessen og gir tilråding om samanslåingsalternativ. Dei respektive kommunestyra fattar vedtak om samanslåingsalternativ og vegen vidare.

Kommunestyret må også gjere vedtak om korleis innbyggjarane skal informerast og høyrast i jf. Inndelingslova § 10. Som grunnlag for høyring bør kommunestyret vurdere om det skal lagast ein felles intensjonsavtale. Det er viktig at ein slik avtale vert forrankra i alle kommunestyra.

Endeleg vedtak om samanslåing

Når prosesen med ståstadanalyse, kartlegging av aktuelle samarbeidspartnarar, analyse av mogelege lysingar og naudsynt høyring er gjennomført er vi kome fram til endeleg vedtak. Kommunar som ynskjer å slå seg saman må gjere to vedtak:

1. vedtak om at kommunen ynskjer å slå seg saman.

Eit slikt vedtak kan vere relativt kortfatta, men må vere klart og tydeleg på at kommunen ynskjer å slå seg saman.

Etter at kommunestyret har fatta vedtak om at dei ynskjer å slå seg saman, skal fylkesmannen i samråd med departementet kalle inn til felles kommunestyremøte. Det går fram av inndelingslova § 25 kva punkt som skal drøftast på fellesmøte:

- a. framlegg til namn på den nye kommunen
 - b. tal medlemmer i det nye kommunestyret
 - c. kriterier for samansetjing og funksjonar av fellesnemnd etter § 26 i inndelingslova
 - d. val av revisor for verksemda til fellesnemnda
 - e. opprettiging av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomførng av samanslåinga
2. Etter at punkta i § 25, og eventuelt andre spørsmål er drøfta i fellesmøte, skal dei einskilde kommunestyra stadfeste semje i nye kommunestyrevedtak.

Dei nye vedtaka vil så danne grunnlag for statleg vedtak om samanslåing.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Meland kommune går i relle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interesserte i dette. Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærmare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet. Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.

Formannskapet - 97/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Meland kommune går i relle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interesserte i dette. Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærmare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet. Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	HistSak - 13/329, FA - A20, TI - &20	14/3385

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
59/2014	Utval for levekår	PS	18.11.2014
90/2014	Formannskapet	PS	26.11.2014
78/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Rapport skulestruktur 2015-2018

Vedlegg:

Prosjektrapport - Utgreiing skulestruktur 2015-2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bakgrunn for framlegg av rapport om skulestruktur ligg i Formannsskapet sitt vedtak FS-054/13:

"Formannskapet vurderer at det er trøng for ein heilskapleg gjennomgang av skulestrukturen sett opp mot kvalitet, elevtalsutvikling, utbygging i kommunen, økonomiske rammer og ønskje om å byggje ein skule for framtida i Meland kommune. For at skuleeigar skal få eit breitt, grundig, kunnskapsbasert og heilskapleg grunnlag for å ta ei avgjerd om framtidig skulestruktur, ber formannskapet rådmannen setja ned ei administrativ gruppe i arbeidet med å innhente kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid."

Formannsskapet får rapporten til gjennomgang på sitt budsjettseminar 13.11.14. Formannsskapet skal fatte vedtak i saken 26.11.14. Utval for levekår vert orientert om innhold i rapporten i ekstra møtet 18.11.14 utan framlegg til vedtak.

Vurdering

Folkehelse – ikkje vurdert
Miljø – ikkje vurdert
Økonomi – ikkje vurdert

Konklusjon

Utval for levekår vert orientert om rapporten i møtet. Det er ikkje framlegg til vedtak

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår - 59/2014

ULK - behandling:

Utval for levekår gjev følgjande uttale:

Utval for levekår støttar konklusjon frå administrativ arbeidsgruppe, og går inn for å bygge på Grasdal og Sagstad skule jamfør alternativ 1 snarast.

I alternativ 1 er det ingen endring i eksisterande skulestruktur.

Ved å bygge på Grasdal og Sagstad skule sikrar kommunen at desse skulane har nok kapasitet i nærmeste framtid.

Når kommuneplanen er vedteken må ein ta opp att arbeidet med skulestruktur sett i eit lengre tidsperspektiv. Ein bør mellom anna utgreie behov for:

1. Påbygg Meland ungdomsskule
2. Bygge ein ny ungdomsskule for heile Meland
3. Bygge ny barneskule for Flatøy - Fosse - Frekhaug
4. Bygge nytt symjebasseng, og kvar dette best kan plasserast

Utval for levekår ønskjer å vere ein aktiv bidragsytar i det vidare arbeid med skulestruktur.

ULK - vedtak:

Formannskapet - 90/2014

FS - behandling:

Uttale frå FAU-Grasdal skule v/leiar Bjørn Gripsgård Knudsen og SU-Grasdal skuel v/leiar Merete Lillefosse vart delt ut i møtet.

Framlegg til vedtak i møtet:

Kommunestyret støttar konklusjon frå administrativ arbeidsgruppe, og går inn for å bygge på Grasdal og Sagstad skule jamfør alternativ 1 snarast.

I alternativ 1 er det ingen endring i eksisterande skulestruktur.

Ved å bygge på Grasdal og Sagstad skule sikrar kommunen at desse skulane har nok kapasitet i nærmeste framtid.

Når kommuneplanen er vedteken må ein ta opp att arbeidet med skulestruktur sett i eit lengre tidsperspektiv. Ein bør mellom anna utgreie behov for:

1. Påbygg Meland ungdomsskule
2. Ungdomsskule for heile Meland
3. Barneskule for Flatøy - Fosse - Frekhaug
4. Symjebasseng, og kvar dette best kan plasserast

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret støttar konklusjon frå administrativ arbeidsgruppe, og går inn for å bygge på Grasdal og Sagstad skule jamfør alternativ 1 snarast.

I alternativ 1 er det ingen endring i eksisterande skulestruktur.

Ved å bygge på Grasdal og Sagstad skule sikrar kommunen at desse skulane har nok kapasitet i nærmeste framtid.

Når kommuneplanen er vedteken må ein ta opp att arbeidet med skulestruktur sett i eit lengre tidsperspektiv. Ein bør mellom anna utgreie behov for:

1. Påbygg Meland ungdomsskule
2. Ungdomsskule for heile Meland
3. Barneskule for Flatøy - Fosse – Frekhaug
4. Symjebasseng, og kvar dette best kan plasserast

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 153	14/4474

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
100/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
79/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Revidering av investeringsbudsjett for 2014 og låneopptak for finansiering av investeringar for 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Denne saka er todelt. Første del er gjennomgang av status investeringar for å avklare korrekt lånebehov for 2014 og andre del gjeld finansieringsforma og låneopptaket.

Status investeringar og lånebehov for 2014

Vedlegg 1 til saksutgreiinga viser status investeringsrekneskapen per 1. desember med oppdatert prognose for budsjettåret 2014. Prognosene viser i kollonna til høgre forventa totale investeringar inkl. mva på kr 13,9 mill til diverse driftsinvesteringar (inkl. den del av sjukeheimen som er ført i 2014-rekneskapen), kr 3,9 mill til VA-prosjekt og kr 7,9 mill til andre investeringsaktivitetar.

Sum kr 25,65 mill, som er kr 15 mill mindre enn i revidert budsjett for 2014.

Det er særleg VA-prosjekta som vi ikkje har hatt framdrift på slik som lagt til grunn i revidert budsjett. Vi gjer difor framlegg om ny revidering av investerings- og kapitalbudsjettet for 2014.

I utgangspunktet inneber reduksjonen av aktivitet i 2014 ei forskyving til 2015. Vi har per no ikkje oversyn over kva effekt dette kan ha på framlegget til 2015-budsjettet, og vil kome tilbake til dette i revidering av budsjettet for 2015.

Inkludert i andre driftsinvesteringar er sal av gamle Vestbygd Barnehage med ein salssum på kr 2 mill. Salskostnadane er kr 120.000,-, slik at netto salsinntekt vert 1,88 mill. Vi gjer framlegg om å sette av denne summen til kapitalfond.

Med redusert investeringsaktivitet kan og lånebehovet reduserast. I vedlegget på siste side går det fram at vi reknar med bruk av lånemidlar på kr 11 mill. I tillegg kjem lånemidlar på kr 7 mill til startlån som allereie er teke opp.

Andre finansieringselement vert slik:

Momsrefusjonen vert redusert til kr 3.095.000,- (sum inkl. sjukeheimen), tilskot sjukeheimen kr 4.952.000,- (andel bruk til finansiering i 2014-rekneskapen) og bruk av kapitalfond kr 1.515.000,-.

Vi har ikkje trong for bruk av kapitalfond til startlån (opprinneleg budsjettet med kr 3 mill), då

vi reknar med at totale utbetalingar vert dekka innanfor bruk av årets lånemidlar på kr 7 mill.

Låneopptak 2014

Vi har ikkje gjennomført låneopptak for 2014. I samband med statusgjennomgangen av investeringsprosjekta i denne saka vil vi gjere låneopptaket i forhold til faktisk finansieringsbehov for budsjettåret. Behovet er mindre enn vedteke i revidert budsjett. Vi hindrer dermed at vi får ei stor og unødvendig auke i ubrukte lånemidlar, eller for lite lånemidlar på einskildprosjekt, dersom det vert auka investeringsaktivitet i forhold til budsjettert, noko som jo normalt ikkje skal skje.

Som følgje av krav om at ordinære låneopptak må lysast ut på DOFFIN og lånetilbod hentast inn som andre større offentlege anskaffingar vil ordinære låneopptak no ta lengre tid enn tidlegare rekna med. Vi rekk difor ikkje gjere ordinære låneopptak i 2014 slik vi har gjort tidlegare i til dømes Kommunalbanken. Transaksjoner i finansielle instrument, herunder obligasjons- og sertifikatlån er ikkje omfatta av forskrifter om offentlege anskaffingar, og vi kan gjere difor gjere oss nytte av desse låneformane til finansiering for 2014.

For å kunne gjennomføre opplåning i kapitalmarknaden i slike instrument ynskjer rådmann å engasjere hjelp til å gå ut i marknaden, forespørre og innhente finansiering på vegne av kommunen. Kommunen har tidspress i og med at låneopptak må skje i desember, og vi har såleis ikkje tid til å gjennomføre eit omfattande arbeid for å kartleggje kva leverandørar som kan tilby slike tenester. Sakshandsamar meiner at det i praksis berre er ein leverandør som har godkjenning som verdipapirforetak og har kompetanse som rådgjevar til kommunal sektor for å kunne gjennomføre dette slik vi har trong for. Denne leverandøren er Bergen Capital Management (BCM).

BCM skriver i mail til kommunen av 24. oktober 2014:

«Det er i disse dager kommet et vedtak fra KOFA vedrørende låneopptak og regelverket rundt offentlige anskaffelser. Regelverket vil derved omfatte kommuner og fylkeskommuner. Ordinære banklån må etter FOA kunngjøres på DOFFIN / TED.

Transaksjoner i finansielle instrumenter, herunder obligasjons- og sertifikat lån faller inn under unntaket i FOA § 1-3 (2) e og omfattes således ikke av forskriften om offentlige anskaffelser.

Opptak av lån og refinansiering av lån i sertifikat- og obligasjonsmarkedet må ikke kunngjøres på DOFFIN/TED.

BCM er et verdipapirforetak som forvalter i dag nærmere NOK 50 mrd. på vegne av 36 kommuner (og fylkeskommune). Porteføljene består av låneopptak i Kommunalbanken, KLP kommunekreditt og obligasjons- og sertifikat lån. Med mer enn 20 års erfaring fra finans- og kapitalmarkedet og som rådgiver for kommunal sektor, gjennomfører vi låneopptak og refinansiering i obligasjons- og sertifikatmarkedet på en trygg og god måte.

Alle låneopptak og refinansieringer i obligasjons- og sertifikatmarkedet blir konkurranseutsatt ved anbudsrunder gjennomført av BCM. BCM kan bistå enten gjennom en rammeavtale eller på ad hoc basis»

I presentasjon for kommunen kommenterte BCM endringa som følgje av Lenvik-dommen slik:

«Lenvik kommune ble i september 2014 ilagt gebyr fra KOFA for å ha tatt opp et lån i Kommunalbanken (gjeldsbrevlån) uten å kunngjøre låneopptaket i tråd med anskaffelsesregelverket.

Kommunen argumenterte med at låneopptaket var omfattet av unntaksbestemmelsen i FOA § 1-3(e): Kontrakter om finansielle tjenester i forbindelse med emisjon, kjøp, salg og overdragelse av verdipapirer eller andre finansinstrumenter, særlig transaksjoner utført av offentlige oppdragsgivere for å skaffe til veie penger eller kapital, samt sentralbanktjenester.

Klagenemda fant at låneopptaket ikke var omfattet av unntaksbestemmelsen, men en prioritert tjeneste i kategori 6.

Konklusjon:

- Opptak av ordinære banklån må kunngjøres i tråd med anskaffelsesregelverket.
- Opptak av sertifikat- og obligasjonslån er unntatt i FOA § 1-3 (e) og må ikke kunngjøres i tråd med anskaffelsesregelverket.
- Forenkling av det norske anskaffelsesregelverket er ute på høring.
- Forslaget er at lånekontrakter underlegges de grunnleggende prinsippene i forskriftens del I, men ikke detaljerte prosedyreregler i forskriftens del II og III
- Dersom lånekontrakter underlegges forskriftens del I, vil det ikke være krav til kunngjøring.
- Men det må sørget for at de grunnleggende krav til konkurranse overholdes; likebehandling, forutberegnelighet, gjennomsiktighet og etterprøvbarhet.
- Departementet har som mål at det nye regelverket skal tre i kraft fra 1. januar 2016.

Løsning – frem til nytt regelverk er på plass:

- Kunngjøre en anbudskonkurranse hvor kommunen inngår parallelle rammeavtaler med leverandører av gjeldsbrevlån.
- Avrop/låneopptak gjøres ved å gjennomføre "minikonurranser" blant rammeavtaleleverandørene.
- Frem til kommunen har inngått en slik rammeavtale; BCM anbefaler kommunen å foreta låneopptak/refinansiering i sertifikat- og obligasjonsmarkedet.»

Meland kommune har fått tilbod om rammeavtale i mail datert 28. nov 2014 fra BCM, kopiert inn nedanfor. Tilboden er basert på møte mellom kommunen og BCM 26. nov. 2014:

«Viser til møte hos oss og kommer tilbake med et pristilbud på gjeldsforvaltning. Ved bruk av sertifikatmarkedet vil en kommune i dag kunne oppnå nominelle rentevilkår i størrelsesorden 1,70 – 1,80 % p.a. for 3 til 12 mnd. Dette vil gi en besparelse i forhold til dagens p.t. vilkår (2,25%) på ca. 1,5 til 2 mill. årlig avhengig av hvor mye som refinansieres.

Vi foreslår følgende :

STRAKSTILTAK - OPPTAK AV SERTIFIKATLÅN – BUDSJETT 2014 STORT 20 MILL.

- Opptak av sertifikatlån i markedet hvor vi ber om 3 mnd. for refinansiering og sammenslåing med øvrige p.t. lån over nyttår. Det forutsettes at formalia som MIFID og fullmakter er på plass før oppstart (tar ca. 14 dager)
- Det forutsettes at rammeavtale inngås.

RAMMEAFTALE

- Tilboden er basert på en standardkontrakt som gjelder for våre øvrige kommunekunder og gjelder for hele låneporleføljen (inkl. lån i husbanken).
- I avtalen inngås følgende elementer:
 - Anbudskonkurranse på nye låneopptak og refinansieringer
 - Rapport i henhold til reglement
 - Rådgivning rundt porteføljesammensetning
 - Makroanalyser og rentesyn

- *Kvalitetssikring av forvaltning*
- *Evaluering av resultater*
- *Forslag til budsjettrenter (1-4 år)*
- *Videre tilbys halv pris i en prøveperiode frem til 31.05.2014, 0,025% p.a. av netto lånegjeld
(ca. kr 50 000 for 6 mnd). Deretter 0,05 % p.a av netto lånegjeld»*

Kommentarar til tilbodet frå BCM:

- Kommunen opplyste til BCM at lånebehov for 2014 er omkring 20 mill. Utgreiinga i saka syner at dette er redusert til kr 11 mill. Dette er lite for å gå i marknaden med eit sertifikatlån, som er den mest aktuelle låneforma for oss.
- Vi legg difor opp til å refinansiere eitt eller begge av dei dyraste låna kommunen i dag har som ikkje er rentesikra. Dette er lån frå KLP med saldo på kr 26,6 mill og 14,6 mill per dato.
- Henvising til dagens p.t. vilkår gjel lån i Kommunalbanken, som i dag har standard rente på 2,25%. Ved bruk av kapitalinstrument som sertifikatlån (lån med løpetid på mindre eller lik eitt år, som typisk løpende vert refinansiert) kan vi altså i dag oppnå 0,5% lågare lånerente enn i Kommunalbanken.
- Obligasjonslån er lån med løpetid over eitt år, og rentevilkår på slike er naturleg å samanlikne med fastrentelån med lik løpetid.

Kommentarar til val av leverandør for å hjelpe til med opptak av lån i kapitalmarknaden:
Med ein avtalesum på kr 50.000,- skal kommunen nytte regelverket for direktekjøp mellom kr 5.000,- og kr 100.000,-. Dette regelverket slår fast at det ikkje skal setjast i verk meir omfattande prosedyrar i innkjøpsprosessen enn det som er kostnadsmessig forsvarleg. Etter undersøking i marknaden ser vi ikkje andre leverandørar enn BCM som kan tilby denne tenesta til kommunen slik vi ynskjer. Det er fleire som kan vere rådgjevarar for kommunen rundt finansiering, men då må kommunen sjølv i større grad vere den som utfører arbeidet med finansieringsprosessen. I og med at BCM er eit verdipapirføretak med konsesjon kan dei tilby eit breiare tenestespekter enn reine rådgjevarføretak.

Referansar frå BCM på andre kommunar dei har levert gjeldsforvaltningstenester til følgjer i Vedlegg 2 saman med ei samanlikna av utviklinga i rentevilkår i perioden 2011 – 2014 i sertifikatmarknaden og standard lånevilkår i Kommunalbanken.

Vedlegg 3 inneholder framlegg til avtale mellom kommunen og Bergen Capital Management.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2014 vert endra i trå med vedlegg 1 til saksutgreiinga, slik at brutto ramme for investeringsaktivitetar i 2014 vert kr 25,982 mill.

Dette vert fordelt slik:

Ordinære driftsmidlar kr 13,9 mill (netto inkl. inntekt frå sal av eigedom med kr 1,88 mill)

Investeringar i vassverk- og avlaupsanlegg kr 3,91 mill

Andre investeringsaktivitetar inkl. startlån, kr 7,874 mill

Inntekt ved sal av anleggsmiddel vert avsett til kapitalfond, budsjettet til kr 1,88 mill.

Finansiering av investeringane skjer slik:

Nye innlån i 2014: kr 11,0 mill (i tillegg kjem lån for vidareutlån med kr 7 mill)

Mva-refusjon: kr 0,77 mill

Tilskot: kr 4,652 mill

Bruk av kapitalfond kr 1,512 mill

2. Kommunen tek opp lån i 2014 på kr 11 mill til finansiering av budsjetterte investeringar for 2014, ref. punkt 1 over.

3. I tillegg kan kommunen i 2014 ta opp lån i kapitalmarknaden på opp til kr 41,2 mill for å refinansiere dyrare lån.

4. Rådmann får fullmakt til å godkjenne vilkår og foreta val av finansieringsinstitusjon.

Vilkår skal vere i trå med vedteke finansreglement for kommunen. Det vert likevel akseptert at kommunen har noko mindre lån på langsiktige fastrentekontraktar og meir på lån med rentebinding på inntill eit år (inkl. p.t.-lån) enn det som ligg til grunn i finansreglementet.

5. Kommunen inngår rammeavtale med Bergen Capital Management på prøvevilkår fram til 31. mai 2015. Honorar ca kr 50.000,- vert å dekke innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Kommunen skal oppdatere finansreglementet i løpet av avtaleperioden.

6. Kommunen skal innan 31.05.2015 kunngjere ein anbudskonkurranse kor kommunen inngår parallelle rammeavtaler med leverandører av gjeldsbrevlån. Avrop og evt. låneopptak vert å gjennomføre ved førespurnad blant rammeavtale-leverandørene. Framlegg til vedtak vert ettersendt

Formannskapet - 100/2014**FS - behandling:****FS – framlegg til vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2014 vert endra i trå med vedlegg 1 til saksutgreiinga, slik at brutto ramme for investeringsaktivitetar i 2014 vert kr 25,982 mill.

Dette vert fordelt slik:

Ordinære driftsmidlar kr 13,9 mill (netto inkl. inntekt frå sal av eigedom med kr 1,88 mill)

Investeringar i vassverk- og avlaupsanlegg kr 3,91 mill

Andre investeringsaktivitetar inkl. startlån, kr 7,874 mill

Inntekt ved sal av anleggsmiddel vert avsett til kapitalfond, budsjettet til kr 1,88 mill.

Finansiering av investeringane skjer slik:

Nye innlån i 2014: kr 11,0 mill (i tillegg kjem lån for vidareutlån med kr 7 mill)

Mva-refusjon: kr 0,77 mill

Tilskot: kr 4,652 mill

Bruk av kapitalfond kr 1,512 mill

2. Kommunen tek opp lån i 2014 på kr 11 mill til finansiering av budsjetterte investeringar for 2014, ref. punkt 1 over.
3. I tillegg kan kommunen i 2014 ta opp lån i kapitalmarknaden på opp til kr 41,2 mill for å refinansiere dyrare lån.
4. Rådmann får fullmakt til å godkjenne vilkår og foreta val av finansieringsinstitusjon. Vilkår skal vere i trå med vedteke finansreglement for kommunen. Det vert likevel akseptert at kommunen har noko mindre lån på langsiktige fastrentekontraktar og meir på lån med rentebinding på inntill eit år (inkl. p.t.-lån) enn det som ligg til grunn i finansreglementet.
5. Kommunen inngår rammeavtale med Bergen Capital Management på prøvevilkår fram til 31. mai 2015. Honorar ca kr 50.000,- vert å dekke innanfor vedtekne budsjetttrammer. Kommunen skal oppdatere finansreglementet i løpet av avtaleperioden.
6. Kommunen skal innan 31.05.2015 kunngjøre ein anbudskonkurranse kor kommunen inngår parallelle rammeavtaler med leverandører av gjeldsbrevlån. Avrop og evt. låneopptak vert å gjennomføre ved førespurnad blant rammeavtale-leverandørene.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FE - 231, FA - G20	14/4175

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
89/2014	Formannskapet	PS	26.11.2014
80/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Eigenbetaling for tenesteyting og varer innan helse- og sosiale tenester - nye satsar frå januar 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til kommunestyret sak 005/10 samt sak 101/10, der ein vedtok prinsipp for fastsetting av eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosiale tenester. Her vart det mellom anna fatta vedtak om at Meland kommune årleg skal justera satsar og utgiftstak jamfør auke i Grunnbeløp (G), samt at ein i hovudsak skal nytte sjølvkostprinsipp for fastsetting av prisnivå.

Sjølvkost tyder at kommunalt prisnivå på eigenbetaling ikkje er høgare enn kommunen sine eigne samla utgifter til tenesteytinga. Sjølvkost vert rekna til ein gjennomsnittleg timelønn inklusiv sosiale utgifter for den tenesteyting som vert utført pluss administrasjonsutgifter. Administrasjonsutgifter kan her utgjere inntil 10% av nemnde kostnadsnivå.

Lovgrunnlag er Lov om helse- og omsorgstenester kap. 11, samt Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester kap 1 og 2.

Per 01.05.14 auka grunnbeløp frå kr. 85 245,- til kr. 88 370,-. Dette er ein auke med 3,67 %.

Sist prisendring vart godkjent i Kommunestyret sak 079/13, og tabell under syner framlegg til prisendring frå 2014 til 2015.

Tabell nr. 1

Nr.	Teneste med krav til brukarbetaling	Pris 2014	Pris 2015
1.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt inntil 2 G - vert årleg justert via forskrift)	Per time kr. 180,- <u>Maks per mnd.:</u> kr. 180,-	Per time kr. 180,- <u>Maks per mnd.:</u> kr. 180,-

2.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt over 2 G), samt: Ledsagerteneste Bistand v/handing BPA v/handing Vaktmesterteneste	2-3 G kr. 297,- 3-4 G kr. 345,- 4.. G kr. 448,- <u>Maks per mnd:</u> 2-3 G kr. 867,- 3-4 G kr. 1300,- 4-5 G kr. 1819,- 5-..G kr. 2338,-	2-3 G kr. 308,- 3-4 G kr. 358,- 4- ..G kr. 464,- <u>Maks per mnd:</u> 2-3 G kr. 899,- 3-4 G kr. 1348,- 4-5 G kr. 1887,- 5-..G kr. 2425,-
3.	Kommunal kjøring ved private gjeremål tenestemottakar (vert nytta minimalt og er ikkje eit generelt tilbod)	Statleg sats	Statleg sats
4.	Tryggleiksalarm (I-6/2006)	Pr. mnd. kr. 414,-	Pr mnd. kr. 429,-
5.	Korttidsopphald Meland sjukeheim (sum styrt av forskrift)	Pr. døgn kr. 142,- (forskrift)	Pr. døgn kr. 142,- (forskrift)
6.	Dag- og nattopphald Meland sjukeheim (sum styrt av forskrift)	Pr. dg/n kr. 74,- (forskrift)	Pr. dg/n kr. 74,- (forskrift)
7.	Maksimalsats for langtidsopphald Meland sjukeheim (per mnd)	Ingen maksimalsats	Ingen maksimalsats
8.	Langtidsopphald Meland sjukeheim	Jfr lov og forskrift	Jfr lov og forskrift
9.	Kost v/avlastning	Vert ikkje prisa	Vert ikkje prisa
10.	Opphald v/dagsenter - pris per dag	30,-	32,-
11.	Transport hente/bringe – fast pris tur/retur	30,-	32,-
12.	Transport matlevering (I-6/2006) – pris per dag per levering	20,-	22,-
13.	Tekniske hjelpemiddel – korttid (2 år) Gebyr per oppdrag (h/b lokalt lager)	120,-	125,-

Tabell nr. 2

Nr.	Mat produkt	Pris 2014	Pris 2015
14.	Frukost	33,-	35,-
15.	Middag m/dessert	73,-	75,-
16.	Graut	38,-	39,-
17.	Kvelds	33,-	35,-

Vurdering

Rådmann vurderer at det er føremålstenleg å justere samla prisauke gjeldande 2015 for både lov pålagte tenester og tenester som ikke er lov pålagt. Syner her til tabell 1 og 2 over. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpende jamfør gjeldande forskrift.

Rådmann vidarefører prinsipp for fastsetting av eigenbetaling jamfør kommunestyret sak 005/10. Det er naudsynt å understreka at Meland kommune vil halde fram med å sikre lovkrav med omsyn til brukargrupper med lågt inntektsgrunnlag (inntil 2 G). Vidare vil ein sikre brukargrupper med omfattande trøng for tenesteyting ved å nytte fastsett utgiftstak per månad. Med andre ord vil tenestemottakarar med omfattende trøng for koordinert tenestetilbod få eit prisvern jamfør utgiftstak.

Rådmann har og fullmakt til å vurdere reduksjon/fritak for eigenbetaling i individuelle saker, for å sikre at tenestemottakar har tilstrekkeleg midlar til å dekke sine personlege behov og eventuelt bere sitt ansvar som forsørgjar

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Rådmann rår til at kommunestyret godkjenner nye betalingssatsar for 2015 slik dei ligg føre i saksutgreiinga.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matprodukt innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01 2015 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.

Formannskapet - 89/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matprodukt innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01 2015 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 231	14/4287

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
105/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
102/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
81/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Feie- og tilsynsgebyr for 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Feietenesta inngår i felles brannordning for Lindås og Meland. Kommunestyret vedtok i møte 08.02.2012, sak KS-017/12, at fastsetting og innkreving av feie- og tilsynsgebyr skal vere unnateke avtalen med Lindås kommune om brannvernordning. Kommunen må derfor fastsette og kreve inn gebyret og overføre summen til Lindås.

Budsjettframleggget frå Lindås inneber ein mindre reduksjon i den totale innbetalinga til Lindås, frå kr 947 000,- til kr 938 000,-

Oversikt over rekneskapstal 2011 – 2014 og anslag for 2015:

Tal piper, stk	2011	2012	2013	2014	Budsj 2015
	2209	2271	2353	2372	2397
Endring frå året før, stk	+46	+62	+82	+19	+25
Overføring til Lindås, i alt	749 985,-	809 553,-	853 928,-	947 000,-	938 000,-
Adm. kostnader Meland	44 000,-	36 000,-	20 000,-	29 000,-	25 000,-
Innbetalte avgifter i alt	823 595,-	846 515,-	904 662,-	922 219,-	963 000,-
Gebyr pr pipe	369,-	369,-	385,-	385,-	390,-
Gebyr pr ekstra pipeløp	123,-	125,-	130,-	130,-	130,-

Fram til 2010 fekk kommunen inn mindre feiegebyr enn summen som vart overført til Lindås. Denne ubalansen er retta opp att i åra 2010 – 2014. Ubalansen har vore liten og ikkje nok til å opprette fond.

Vurdering

Feie- og tilsynstenesta gjekk i pluss (kr 30 000) i 2013 og vil gå i minus (-25 000) i 2014. Talet på nye piper har endra seg mindre enn venta, i hovudsak på grunn av endra byggeforskrifter (om lag 45 færre nye piper enn venta i 2014, i tillegg til nedgang i byggeaktiviteten etter Walde-konkursen). Administrasjonen vurderer at gebyrnivået vil samsvare med kostnadene kommunen har ved ein mindre auke i nivået i 2015.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Når tal piper auker blir det fleire abonnentar å dele kostnadene på, og administrasjonen vurderer at ein mindre auke i gebyrnivået vil medføre at tenesta ikkje går i minus i 2015.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at gebyret etter dette vert auka med 1,3% frå kr 385,- til kr 390,- eks mva pr pipe. Feiing av ekstra pipeløp vert ståande på kr 130,- eks mva.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2015 vert sett til kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.

Utval for drift og utvikling - 105/2014

UDU - behandling:

UDU – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2015 vert sett til kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.

Formannskapet - 102/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2015 vert sett til kr 390,- eks mva pr pipe og kr 130,- eks mva pr ekstra pipeløp.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M42, FE - 231	14/4149

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
103/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
103/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
82/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Gebyr for slamtømming 2015, reduserte satsar

Vedlegg:

Gebyr slam for 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Slamtømmeordninga vert utført av NGIR medan kommunane krev inn gebyret. Representantskapet i NGIR gjorde i møte 27.10.2014 vedtak om å tilrå uendra satsar for slamtømming i 2015. Slamtømmeordninga vil gå med underskot også i 2015, dette vil bli dekkja av utjamningsfondet, som blir redusert med kr 1.177.000,-. Gebyrenivået hjå NGIR har dermed lagt i ro sidan 2010. Gebyret må truleg aukast frå 2016 då kontrakten med noverande transportør går ut.

Vurdering

Meland sine kostnader til sakshandsaming og innkreving kjem i tillegg til slamgebyret frå NGIR. Desse kostnadene har stått i ro i fleire år (kr 30 000,- totalt i 2014), likevel har det bygd seg opp eit overskot i kommunalt fond, som er på kr 522 000 pr 1. januar 2014. Frå 2013 har kommunen sett ned avgiftene. Avgiftene må likevel reduserast endå meir i høve til tilrådinga frå NGIR, for at fondet skal bli bygd ned.

Oversikt over rekneskapstal 2011 – 2014 og anslag for 2015:

	2011	2012	2013	2014	Budsj 2015
Tal bustadeigedomar	984	981	978	975	980
Endring frå året før	-1	-3	-3	-3	+5
Tal fritidseigedomar	171	180	190	200	195
Endring frå året før	+8	+9	+10	+10	-5
Overføring til NGIR, i alt	794 190,-	797 236,-	800 971,-	800 000,-	800 000,-
Adm. kostnader Meland	40 000,-	36 000,-	43 000,-	30 000,-	27 000,-
Innbetalte avgifter i alt	893 606,-	903 521,-	794 861,-	699 346,-	540 000,-
Gebyr pr bustadeigedom	843,-	843,-	750,-	650,-	500,-
Gebyr pr fritidseigedom	422,-	422,-	375,-	325,-	250,-

Budsjettet for 2014 og 2013 er sett opp med nedbygging av fondet på kr 145 000.
Budsjettframlegget for 2015 er sett opp med nedbygging av fondet på ytterlegare kr 290 000.

NGIR reknar med at gebyret må auke med om lag 8,2% frå 2016. Ut frå tal abonnentar og venta kostnader hjå NGIR, skal det stå att om lag kr 87 000 på det kommunale fondet til å møte prisauken i 2016.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Ikkje relevant i denne saka

Økonomi: Budsjettet blir sett opp ut frå at området skal gå i balanse og det kommunale fondet skal byggjast ned.

Konklusjon

Administrasjonen har ingen merknader til at slamgebyret som kommunen betaler til NGIR vert ståande uendra. Administrasjonen rår til at slamgebyret ut til innbyggjarane vert sett ned også i 2015, slik at det kommunale fondet vert bygd ytterlegare ned.

Slamgebyret vert etter dette sett ned frå kr 650,- eks mva til kr 500,- eks mva for bustader og frå kr 325,- eks mva til kr 250,- eks mva for fritidsbustader.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyr for slamtømming for 2015 vert sett ned til kr 500,- eks mva for bustader og kr 250,- eks mva for fritidshus.

Utval for drift og utvikling - 103/2014

UDU - behandling:

UDU – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyr for slamtømming for 2015 vert sett ned til kr 500,- eks mva for bustader og kr 250,- eks mva for fritidshus.

Formannskapet - 103/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyr for slamtømming for 2015 vert sett ned til kr 500,- eks mva for bustader og kr 250,- eks mva for fritidshus.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M50, FE - 231	14/4150

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
104/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
83/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Renovasjonsgebyr 2015

Vedlegg:

Gebyr renovasjon for 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Representantskapet i NGIR gjorde i møte 27.10.2014 vedtak om 2,9 % auke i renovasjonsgebyret for 2015 (normalabonnement). Satsane har vore uendra i perioden 2012 – 2014.

I følgje saksutgreiinga til NGIR er det ein generell auke i driftskostnadene som ligg til grunn for auken. Gebyrauken vil ta ein del av kostnadsauken. Samstundes vil utjamningsfondet bli bygd ned, frå om lag 6,4 mill kroner pr 01.01.2014 til om lag 0,9 mill kroner ved utgangen av 2015.

Vurdering

Administrasjonen har ingen merknader til at gebyrsatsane for renovasjon vert auka med 2,9 % i 2015 (normalabonnement). Tenesta går i balanse over tid.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka.

Miljø: Ikkje relevant i denne saka.

Økonomi: Satsane går fram av vedlegget. Meland har ingen kostnader eller arbeid med innkreving av dette gebyret.

Konklusjon

Adminsitrasjonen tilrår at kommunestyret gjer vedtak om gebyrsatsar slik NGIR ber om og i tråd med representantskapet sitt vedtak.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyr for renovasjon 2015 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 27.10.2014.

Utval for drift og utvikling - 104/2014

UDU - behandling:

UDU – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyr for renovasjon 2015 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 27.10.2014.

Formannskapet - 104/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at gebyr for renovasjon 2015 vert auka slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 27.10.2014.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 231	14/4423

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
102/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
84/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014
105/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014

Vass- og avlaupsavgifter 2015. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune, endra lovheimlar

Vedlegg:

Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune
GEBYRREGULATIV VATN OG AVLAUP - 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Årsavgifter

Utrekningsgrunnlaget for årsavgiftene er sett saman av driftsutgifter, kalkulatoriske avskrivingar (anlegg) og kalkulatoriske renter (investeringane. I tiltaksplanen for vatn og avlaup blir investeringstakten analysert, og profilen på årsavgiftene tilsvarande anslått for komande 4-års periode.

Vass- og avlaupsområdet skal behandlast etter sjølvkost-prinsippet, og kostnadsbiletet må reknast ut så korrekt som mogeleg. Tiltaksplanane for 2010 – 2014 er lagt til grunn for utrekning av årsavgiftene dei siste fire åra. Inntektene har etter kvart blitt høgare enn utgiftene, i hovudsak fordi rentenivået har vore lågare enn venta, men også fordi driftsnivået ikkje er heva slik tiltaksplanane tilrådde. For å imøtekomme denne tendensen har årsavgiftene dels stått i ro, dels vore sett ned sidan 2011. Det er likevel bygd seg opp fond, som må handterast. For avlaup stod det kr 6 392 706,- på fond pr 31.12.2013 medan det stod kr 4 489 812,- på fond for vassforsyning.

Tiltaksplanane for vatn og avlaup er no samla i ein felles tiltaksplan for 2015 – 2019 (jf eiga sak). Budsjettframlegget (økonomiplan og årsbudsjett) for vass- og avlaupsområdet følgjer framlegget til revidert tiltaksplan. Profilen på årsgebyra er rekna ut i frå gjennomførte investeringar, planlagte investeringar, prognose abonnementar og framlegg til driftsbudsjett.

Forskrift

Forskrifta om vass- og avlaupsgebyr var sist revidert i 2010 m.o.t. rett tilvising til lovheimlar etter endringar i plan- og bygningslova og matrikkellova, overgang frå to til tre betalingsterminar og tekstdendringar etter eigne vedtak.

Sjølve heimelsgrunnlaget for vass- og avlaupsgebyr vart endra frå Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter m/forskrift (oppheva frå 01.07.2012) til Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012 (iverksett frå 01.07.2012). Forskrifter gjevne i medhald av den gamle lova er likevel gjeldande, jf § 7 i den nye lova.

Vurdering

Årsavgifter

Utviklinga i gebyrnivået 2011 – 2014 og anslag for 2015:

	2011	2012	2013	2014	Budsj 2015
Tal normalabonnentar vatn	2417	2564	2692	2803	2903
Endring frå året før	+ 119	+ 147	+ 128	+ 111	+ 100
Innbetalte avgifter i alt	12 322'	13 411'	13 619'	12 871'*	12 000'
Årsavgift vatn, normalab.	4 241,-	4 241,-	4 241,-	4 114,-	3 290,-
Tal normalabonnentar avlaup	1269	1384	1475	1545	1645
Auke frå året før	+ 69	+ 115	+ 91	+ 70	+ 100
Innbetalte avgifter i alt	5 197'	6 263'	5 755'	4 103'*	4 100'
Årsavgift avlaup, normalab.	3 256,-	3 263,-	3 263,-	2 349,-	1 980,-

*tal hittil i 2014

Utviklinga i tal abonnentar varierer frå år til år og følgjer svingningar i bustadmarknaden, noko som kan vere vanskeleg å treffe når prognosane blir sett opp. Framlegg til årsavgifter inneber at fondet blir bygd ned att over 4 år. Avgiftsnivået vil stige i slutten av perioden, tilbake til meir normalt nivå.

Tilknytingsgebyret vert ståande uendra på kr 10 000,- for kvar tilknyting.

Forskrift

Endringa i den lokale forskrifa for Meland er kurant og av lovteknisk karakter.

Administrasjonen ønskjer å ha eit mest mogeleg oppdatert lov- og forskriftsverk og finn det tenleg å skrive inn den nye lovheimelen.

Folkehelse: Ikkje aktuelt i denne saka.

Miljø: Ikkje aktuelt i denne saka

Økonomi: Ikkje aktuelt i denne saka.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at årsavgiftene for vatn vert redusert med 20 %. Dette medfører at satsane for normalabonnement vert sett ned frå kr 4 114,- til kr 3 290,-

Administrasjonen rår til at årsavgiftene for avlaup vert redusert med 15,7 %. Dette medfører at satsane for normalabonnement vert sett ned frå kr 2 349,- til kr 1 980,-.

Endringa i forskrifa for Meland er kurant, som ei rein oppdatering.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Årsavgifta for vatn vert redusert med om lag 20 % i 2014, dvs reduksjon fra kr 4 114,- til kr 3 290,- pr normalabonnement. Årsavgifta for avlaup vert redusert med om lag 15,7 % i 2014, dvs reduksjon fra kr 2 349,- til kr 1 980,- pr normalabonnement. Tilknytingsgebyret vert vidareført med kr 10 000,- for kvar tilknyting. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune vert revidert m.o.t. korrekt lovheimel.

Utval for drift og utvikling - 102/2014**UDU - behandling:****UDU – framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Årsavgifta for vatn vert redusert med om lag 20 % i 2014, dvs reduksjon fra kr 4 114,- til kr 3 290,- pr normalabonnement. Årsavgifta for avlaup vert redusert med om lag 15,7 % i 2014, dvs reduksjon fra kr 2 349,- til kr 1 980,- pr normalabonnement. Tilknytingsgebyret vert vidareført med kr 10 000,- for kvar tilknyting. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune vert revidert m.o.t. korrekt lovheimel.

Formannskapet - 105/2014**FS - behandling:****FS – framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Årsavgifta for vatn vert redusert med om lag 20 % i 2014, dvs reduksjon fra kr 4 114,- til kr 3 290,- pr normalabonnement. Årsavgifta for avlaup vert redusert med om lag 15,7 % i 2014, dvs reduksjon fra kr 2 349,- til kr 1 980,- pr normalabonnement. Tilknytingsgebyret vert vidareført med kr 10 000,- for kvar tilknyting. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune vert revidert m.o.t. korrekt lovheimel.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - M30, TI - &30	14/1755

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
99/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
85/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019 - Slutthandsaming

Vedlegg:

Tiltaksplan vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019 - Meland kommune - Høyringsutkast
Kartvedlegg – tiltaksplan

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Revidering av tiltaksplan for vassforsyning 2010-2014 og tiltaksplan for avlaup 2010-2014 vart sett i gang våren 2014. Planane er no samla i ein ny, felles tiltaksplan som også inkluderer vassmiljø. Årsaka er at det er viktig å sjå tiltaka i samanheng, og at det er enklare å halde seg til eit plandokument.

Arbeidet med revidering av tiltaksplanane vart lagt ut på anbod i april 2014, og det var COWI som fekk tildelt oppdraget. Representantar frå drift og vedlikehald har vore med i arbeidsgruppa. I samband med arbeidet har det også vore utarbeidd ein nettmodell for vassforsyninga. Nettmodellen gjer det mogleg å simulere verknaden av ulike tiltak på vassleidningsnettet med omsyn til trykk, forsyning osv. Modellen har vore eit viktig hjelpemiddel i planarbeidet, og vil også kunne brukast av kommunen i tida framover for å sikre at ein tilrår gode og nytige tiltak innan vassforsyning.

Vurdering

Mål

Tiltaksplanen skal gje grunnlag for kommunen si prioritering når det gjeld investering og drift av vassforsynings- og avlaupsanlegg i planperioden 2015-2019. Målsetjinga til kommunen er at alle innbyggjarane i Meland kommune til ei kvar tid skal ha tilgang på nok vatn med tilfredsstillande drikkevasskvalitet og at avlaupsvatnet skal behandlast på ein slik måte at det ikkje oppstår miljøskade.

Vassforsyning

Den største utfordringa for vassforsyninga i Meland er at råvasskvaliteten i vasskjeldene har vorte dårlegare, og at dagens vassbehandling ikkje er tilfredsstilande. Vassverka må oppgraderast til fullreinsing for å tilfredsstille krava i Drikkevannsforskiften. Dette er kjernen i prioriteringa for tiltak innan vassforsyning.

I utgangspunktet må både Meland og Husebø vassverk oppgraderast til fullreinsing, men ettersom Husebø vassverk er så lite og har ei mindre god råvasskjelde, er dette ikkje tilrådd. I staden for er det foreslått å byggje ein overføringsleidning frå Ådland til Landsvik for å knytte abonnentane til Meland vassverk, og dermed kunne leggje ned Husebø vassverk. Det nye fullreinseanlegget på Hestdal er tilrådd å ha Storavatnet som hovudråvasskjelde og Kvernavatnet som reservekjelde.

Ei anna utfordring er tryggleik i vassforsyninga, spesielt i nordre del av kommunen. For å sikre vassforsyninga er det valt å satse på ringleidningar og høgdebasseng på Rossland.

Meland kommune har ein svært høg andel av hushaldningane knytt til offentleg vatn. Prioriteringar av tiltak innan vassforsyning er først og fremst basert på å sikre tryggleiken og kapasiteten på hovedsystemet. Anlegg med karakter av stikkledningar (som utløyser 5-10 abonnentar) er også vurdert, men ikkje funne rett å prioritere. I perioden 2015 – 2019 er det lista opp tiltak som er grovt kostnadsrekna til 129 mill. kroner.

Avlaup

Innafor avlaup er det framleis fokus på å rette opp i dårlege og manglande utslepp frå bustadklynger, og i tillegg sanere separate avlaupsutslepp langs utvalde vassdrag. Fleire av tiltaka er omtalt i tidlegare planverk, mellom anna sanering av Brakstad, separering i Grønlandsområdet-Frekhaug og etablering av slamavskiljar på Orrhøyen. Sanering av Rosslandspollen er lagt inn som eit stort tiltak, der ein vil starte med å lage ein heilskapleg saneringsplan for heile området. I perioden 2015 – 2019 er det lista opp tiltak som er grovt kostnadsrekna til 53,7 mill. kroner.

Gebyrutvikling

Gebyrinntektene har auka gjennom siste planperiode, som følgje av stor tilflytting og abonnentauke. Både vatn og avlaup har hatt overskot i rekneskapet som er sett av i sjølvkostfond. Ein ventar like stor abonnentauke i komande planperiode, og i tillegg må midlane på fondet nyttast til drift. Sjølv om framlegg til investeringsplan medfører stor auke i gjeld og kapitalkostnader vil det difor ikkje vere behov for å auke gebrysatsane i særleg grad, for at ein skal oppnå full sjølvkostfinansiering.

Konkrete tiltak:

Tiltaksplanen legg opp til følgjande prioriterte tiltak:

Tiltak	2015	2016	2017	2018	2019
VASSFORSYNING					
Ny vassleidning Ådlandsvågen-Riplevika-Landsvik	15,0				
Nytt VBA Hestdalen	3,0	18,3	23,9		
Mobilt strømagggregat på dagens vannverk i Hestdalen	1,0				
Ny vassleidning Fløksand-Beitingen	6,2	6,2			
Ny vassleidning Tveit-Holme		3,6			
Ny vassleidning Landsvik-Rossland		11,1	11,1		
Ny vassleidning Vollo-Brakestad				12,3	
Nytt HB Rossland				5,0	
Ny vassleidning Littlebergen-Frekhaug				6,6	6,6
AVLAUP OG VASSMILJO					
Avlaupsleidning Holmeknappen- Tveit	5,2	6,6			
Orrhøyen II – slamavskiljar	1,9				
Orrhøyen I – slamavskiljar og utslepp	0,9				
Sanering Fløksand		5,1			
Sanering Brakstad			4,0	2,0	
Oppgradering Varnappen RA			1,0		
Overføring Leirdalen – Eikeland				4,5	
Separering Grønnlandsområdet – Frekhaug	2,5	2,5	2,5		
Sanering Rosslandspollen			5,0	5,0	5,0
Samla investering vatt og avlaup	35,7	53,4	47,5	35,4	11,6

Nærare skildring av dei enkelte tiltaka er å finne i tiltaksplanen kap 10 og 11.

Høyring

Tiltaksplanen har vore ute på høyring i perioden 27.10 – 11.11.2014. Det kom ingen merknader.

Mattilsynet er tilsynsmynde for vassforsyninga og har i etterkant av høyringa blitt kontakta per telefon der dei uttrykt at dei er nøgde med planen og difor ikkje vil kome med nokon merknader.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at tiltaka som er tilrådd i tiltaksplanen er svært viktige for framleis å kunne sikre tilstrekkeleg kvalitet og tryggleik på drikkevatn og avlaupsreinsing i Meland kommune. Meland kommune er i sterk vekst og det er viktig å dimensjonere anlegg for framtida. Sjølv om planen inneber store investeringar, så vil dette i mindre grad påverke gebyra, ettersom det stadig vert fleire abonnentar å dele kostnadene på.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø for Meland kommune for perioden 2015 – 2019. Planen vert å innarbeide i økonomiplan investeringar.

Utval for drift og utvikling - 99/2014

UDU - behandling:

UDU – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø for Meland kommune for perioden 2015 – 2019. Planen vert å innarbeide i økonomiplan investeringar.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 150, FE - 145	14/3513

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
91/2014	Formannskapet	PS	26.11.2014
86/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Framlegg budsjett 2015

Vedlegg:

Budsjettframlegg 2015 Meland kommune d. 17.11.14

Vedlegg budsj-framlegg 2015 - Økonomiske oversikter

Uttale til Formannskapet budsjett

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann sitt framlegg til budsjett med kommentarar er lagt ved saksutgreiinga.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2015 i samsvar med det spesifikasjonar som vist ovanfor. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet slik:

- Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 388,8 mill
- Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 16,5 mill
- Inntekter frå Utbytte, renteinntekter og rentekompensasjonsmidlar kr 6,8 mill
- Utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar kr 11,3 mill
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 393,1 mill.
- Rest til disponering er kr 7,7 mill som vert å avsette til disposisjonsfond

3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3.I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2015. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2015. Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,0 promille i 2015. Eigedomsskatten for 2015 forfall i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2014. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11.25 % i 2015.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2015 er totalt kr 81,538 mill. Av dette kr 45,438 mill til ordinære driftsmidlar medan kr 36,1 mill er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2015 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar kr 71,65 mill

Kapitalfond til investeringar kr 2,0 mill

Mva-refusjon kr 7,888 mill

6. Kr 7 mill vert sett av til vidareutlån av startlån.

Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 7 mill.

Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.323.000,- og mottak av avdrag på vidareutlån med kr 2.323.000,-.

7. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettet med kr 700.000,- finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.

Formannskapet - 91/2014

FS - behandling:

Uttale frå FAU-Grasdal skule v/leiar Bjørn Gripsgård Knudsen og SU-Grasdal skule v/leiar Merete Lillefosse vart delt ut i møtet-

Prokolltilførsel frå Nils Marton Aadland (H), Lars Barstad (V), Anne Grete Eide (AP), Sigmund Larsen (FrP), Marit Jøssang (KrF), Sølv Knudsen (SP), Leif Johsen (MDG):

Det blir presisert at partigruppene fram til endeleg budsjettvedtak i kommunestyret 17.12.2014 vil søke å styrke to tiltak/område på driftsbudsjettet for 2015, og vil arbeide for å lage eit saldert opplegg for det. Dei to postane ein vil søkje å styrke på driftsbudsjettet er:

- Private barnehagar - auka driftstilskot.
- Meland sjukeheim - drift av fleire pasientrom.

Desse partia vil også varsle moglege endringar på investeringsbudsjettet for 2015.

Denne protokolltilførselen vart samrøytes vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

Budsjett 2015 vert lagt ut til offentleg ettersyn med slik tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2015 i samsvar med det spesifikasjonar som vist ovanfor. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet slik:
 - Inntekter fra skatt og rammetilskot kr 388,8 mill
 - Netto inntekter fra eigedomsskatt kr 16,5 mill
 - Inntekter fra Utbytte, renteinntekter og rentekompensasjonsmidlar kr 6,8 mill
 - Utgifter til avskrivingar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar kr 11,3 mill
 - Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda kr 393,1 mill.
 - Rest til disponering er kr 7,7 mill som vert å avsette til disposisjonsfond
3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3.I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2015. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2015. Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,0 promille i 2015.

Eigedomsskatten for 2015 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.
4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2014. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11.25 % i 2015.
5. Framlegg til brutto investeringar i 2015 er totalt kr 81,538 mill. Av dette kr 45,438 mill til ordinære driftsmidlar medan kr 36,1 mill er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2015 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar kr 71,65 mill
Kapitalfond til investeringar kr 2,0 mill
Mva-refusjon kr 7,888 mill
6. Kr 7 mill vert sett av til vidareutlån av startlån.
Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 7 mill.
Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.323.000,- og mottak av avdrag på vidareutlån med kr 2.323.000,-.
7. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettet med kr 700.000,- finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.

Prokolltilførsel frå Nils Marton Aadland (H), Lars Barstad (V), Anne Grete Eide (AP), Sigmund Larsen (FrP), Marit Jøssang (KrF), Sølvi Knudsen (SP), Leif Johsen (MDG):

Det blir presisert at partigruppene fram til endeleg budsjettvedtak i kommunestyret 17.12.2014 vil søke å styrke to tiltak/område på driftsbudsjettet for 2015, og vil arbeide for å lage eit saldert opplegg for det. Dei to postane ein vil søkje å styrke på driftsbudsjettet er:

Private barnehagar - auka driftstilskot.
Meland sjukeheim - drift av fleire pasientrom.

Desse partia vil også varsle moglege endringar på investeringsbudsjettet for 2015.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	14/3931

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
99/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
87/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Sluttrekneskap for Meland Sjukeheim pr august 2014

Vedlegg:

Revisors melding til prosjektrekneskapen pr 31. august 2014 for Meland sjukeheim

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utbygging av Meland Sjukeheim var opprinnelag budsjettert med ferdigstilling i 2013, men prosjektet vart noko forseinka, og vart avslutta våren/sommaren 2014. Det er totalt påløpt kr 33.962.052,- inkl. mva. Dette er ca kr 60.000,- lågare enn budsjett. På inntektssida er mva.-refusjonen kr 371.232 høgare enn rekna med, slik at netto (inkl. mva. refusjon) rest prosjektmidlar er kr 431.302,-.

Vi ser og at vi har fått kr 2,2 mill meir i statleg tilskot til utbygginga enn rekna med, og at bruk av kapitalfond og lånemidlar i sum vert kr 2,675 mill høgare enn budsjettet.

Det tek tid å få alle detaljerte leveranser 100 % avslutta i eit slikt prosjekt, og ein har difor vald å sette 31. aug. 2014 som sluttdato for prosjektet, sjølv om det vil påløpe mindre arbeider med bl.a. dører og adgangssystem ut i 2015. Revisor har gjennomgått rekneskapen for prosjektet med dette som føresetnad, og saka er handsama i Kontrollutvalet 25. sept i sak 22/14 basert på revisor sin uttale som følgjer vedlagt saka. Kontrollutvalet sin kommentar og vedtak er som følgjer:

«22/14 **Prosjektrekneskap Meland sjukeheim**

Saksvedlegg: Prosjektrekneskap og revisors melding til prosjektrekneskapen

*Prosjektet har ein total kostnad på kr 33.962.050,-. Det er litt lågare enn budsjettet.
Statlege tilskott utgjer 10,1 mill kr, 2,2 mill kr høgare enn budsjettet.*

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek prosjektrekneskapen og revisionen sin uttale til orientering. Rekneskapen bør også leggast fram for kommunestyret.»

For å ha midlar til å gjøre ferdig alt mindre etterarbeid gjer administrasjonen framlegg om å overføre noko av dei dei resterande finansieringsmidlane i prosjektet til eit nytt prosjekt som vil løpe vidare i 2014 og litt inn i 2015. Administrasjonen gjer difor framlegg om at det vert løyvd kr 600.000,- til nytt prosjekt 673 Inventar og utstyr finansiert med kr 120.000,- i mva-refusjon og kr 480.000,- i bruk av lånemidlar.

Rådmann reknar med at kr 400.000,- av dette vil påløpe i 2014 og dei resterande kr 200.000,- i 2015. Framlegg til endring av budsjettet 2014 for å få dette med vert gjort i denne saka, medan resterande del av prosjektet må med i investeringsbudsjettet for 2015.

Prosjektrekneskapen (sluttrekneskap per 31. august 2014) skal leggjast fram direkte for kommunestyret, medan tilleggslovinga til nytt prosjekt først vert å handsame av formannskapet.

Nytt prosjekt 673 vert i finansiert med mva-refusjon på kr 80.000,- og lånemidlar med kr 320.000,-.

Framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen for utbygging av Meland Sjukeheim (prosjekt nr 370) og revisjonen sin uttale til orientering vert teken til orientering.
2. Investeringsbudsjettet vert i 2014 auka med kr 400.000,- til nytt prosjekt nr 373 Inventar og utstyr Sjukeheimen. Prosjektet vert finansiert med auke i mva.-refusjon på kr 80.000,- og kr 320.000,- i auka lånemidlar. Auksjon i bruk av lånemidlar vert sett i samanheng med redusert bruk av lånemidlar i hovudprosjektet for utbygginga av sjukeheimen.

Formannskapet - 99/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen for utbygging av Meland Sjukeheim (prosjekt nr 370) og revisjonen sin uttale til orientering vert teken til orientering
2. Investeringsbudsjettet vert i 2014 auka med kr 400.000,- til nytt prosjekt nr 373 Inventar og utstyr Sjukeheimen. Prosjektet vert finansiert med auke i mva.-refusjon på kr 80.000,- og kr 320.000,- i auka lånemidlar. Auksjon i bruk av lånemidlar vert sett i samanheng med redusert bruk av lånemidlar i hovudprosjektet for utbygginga av sjukeheimen.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - G40, TI - &13	14/4001

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
101/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
88/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Klinikkstrukturplan 2015-2030 for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsuttale frå Meland kommune

Vedlegg:

Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2030 - høyringsdokument

Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan - høyring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fylkesrådmannen i Hordaland gav i desember 2013 fylkestannlegen i oppgåve å utarbeide ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Nemnde plan er no ferdigstilt og Fylkesrådmann sender plan til høyring, før handsaming i Fylkesutvalet.

Intensjon med planarbeidet er følgjande (s.4): «*Mål med planen er å utvikle ein klinikkstruktur innanfor gitte rammer som kan tilby innbyggjarane i Hordaland stabile tannhelsetenester, inkludert spesialisttenester, av høg fagleg kvalitet. Klinikane må ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisionar. Storleiken på tanklinikkane er og avgjeraende for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartane på ein effektiv og god måte.*»

Lov om tannhelseteneste §1-3 definerer tannhelsetenesta sine lovpålagte oppgåver slik: «*Den offentlige tannhelsetjenesten skal organisere forebyggende tiltak for hele befolkningen. Den skal gi et regelmessig og oppsøkende tilbud til:*

- a. *Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18 år.*
- b. *Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon.*
- c. *Grupper av eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie.*
- d. *Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.*
- e. *Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere.*

I tillegg til de prioriterte oppgaver kan Den offentlige tannhelsetjenesten ute tjenester til voksne betalende klientell etter fylkeskommunens bestemmelser.»

I høve plangrunnlaget si eiga utgreiing om konsekvensar gjeldande for Nord tannhelsedistrikt, som inkluderer Meland kommune, viser ein til kapittel 4.2 i vedlegg. Det er vert å merke seg framskrivningar for endring folketal i Meland kommune i perioden 2014-2030. Samla vekst i Meland er her stipulert til 47,2 % (frå 7510 til 11055). For gruppa 0-19 år er det venta ein vekst på 40,1 % i same periode. Meland er med andre ord den kommunen i

Hordaland med størst forventa folkeauke, og vil stå for nær 50% av den samla folkeveksten i Nordhordland.

Planen legg opp til fleire endringar for Nordhordland, og ein viser til kap. 4.2 jamfør vedlegg. For Meland kommune er det forslag om å legge ned lokal tannklinikk på Frekhaug i 2018. Pasientane frå Meland er tenkt overført til ny tannklinikk i Knarvik lokalisert i nytt Helsehus med ferdigstilling 2017/2018. Ny tannklinikk for Nordhordland er tenkt å ha 14 behandlingsrom. Forslag på tal behandlingsrom gjev slik ei samla reduksjon frå 20 til 14 for Nordhordland.

Tannhelsetenesta i Hordaland vil ikkje dekke reisekostnader for pasientar når aktuelle tannklinikkar vert lagt ned.

Vurdering

Meland kommune har i dag eit godt og tenleg desentralisert tannhelsetilbod, som utgjer eit viktig førebyggjande og pleiande folkehelsetilbod til ulike målgrupper jamfør lovkrav. Det er etablert eigne samarbeidsavtalar mellom Meland kommune og tannhelsetenesta, samt faste årlege statusmøter for utvikling innan tannhelse.

Om ein einsidig vurderer faglege effektar av klinisk arbeid med tannhelse vil ei ny organisering truleg kunne gje minst like godt tilbod som i dag. Imidlertid vil ein mellom anna miste lokal forankring og nærliek til sentrale målgrupper for tannhelsetenesta.

Reiseveg Rossland-Frekhaug-Knarvik er i planen stipulert til 19 km og reisetid 23 minutt. Dette føreset bruk av privat bil for målgrupper. Tek ein omsyn til reisetid med offentleg kommunikasjon og ventetid som dagens rutetilbod gjev, utanom sentralt på Frekhaug, vert reisetida samla sett lengre. Målgruppa barn/grunnskuleelevar må truleg ha med følgje, og dette vil utløyse nye samfunnsøkonomiske kostnadene som ikkje er omtala i planen. Dette er både økonomiske kostnadene, men også til dømes skulefaglege verknader i høve til meir fråvær frå undervisning. Verknader for eldre og langtidssjuke i institusjon burde og vore utgreiia meir i plangrunnlag. Det er vidare viktig at ein utgreiier moglege effektar sentralisering av lokal tannklinikk vil kunne få for kommunal ressursbruk i høve til målgrupper som har vanskar med lengre reiseveg og/eller ikkje har tilgjengelege pårørande som kan bistå med naudsynt følgje.

Meland kommune er den kommunen i Hordaland som har størst forventa folkeauke, og vil stå for nær 50% av samla folkevekst i Nordhordland. Det er difor særskilt viktig at strukturendringar i lokale tenestetilbod har ei brei konsekvensvurdering. Noverande klinikksstrukturplan er ikkje vurdert å ta tilstrekkeleg hensyn til naudsynte vurderingsområde. Døme på dette er:

Folkehelse – Bør utgreiast nærmere, til dømes om lengre avstand/reisetid/krav til følgje til lokal tannklinikk vil kunne føre til at ein skilde målgrupper vil ha vansker med å møte til tannlegetime. Det er særskilt viktig at endring i struktur kan dokumentere at ein ikkje risikerer å forringe førebyggjande tannhelse lokalt i Meland, samt samla i region.

Miljø – lengre samla reiseveg for innbyggjarar busett ulike stader i Meland vil ha negativ verknad for miljø, særleg om ein legg til grunn auka bruk av privatbil. Tema bør utgreiast nærmere før endeleg avgjerd vert fatta.

Økonomi – dei samfunnsøkonomiske konsekvensane bør utgreiast nærmere med omsyn til om framlegg til plan sokjer å optimalisere Fylkeskommunen sin økonomi på tannklinikkstruktur, men parallelt påfører ulike typar kostnader til m.a. privat hushaldning, arbeidsgjevarar og kommunal ressursbruk.

I plan er tidsramme for nedlegging av lokal tannklinikks på Frekhaug relatert til framdrift etablering av Helsehus. I høve framdrift Helsehus viser ein til protokoll frå møte 07.11.14 i regionrådet Nordhordland sak 54/14 – regionalt helsehus.

Plangrunnlaget nemner ikkje pågåande debatt om kommunereform og moglege endringar i oppgåvedeling mellom kommunar og fylkeskommune.

Konklusjon

Rådmann er uroa av manglar i utgreiingsarbeidet som ligg til grunn for endringsforslag i Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta. Prosessen bør utsetjast til Fylkeskommunen får etablert eit breiare vurderingsgrunnlag, som og er drøfte med kommunane. I tillegg bør ein avvente omfattande strukturendringer til pågåande arbeid med kommunereform er kome noko lengre. Om Fylkesutvalet likevel vil fatte vedtak av plan med noverande saksgrunnlag, vil rådmann ikkje tilrå ny Klinikkstrukturplan slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Meland kommunestyret er uroa av manglar i utgreiingsarbeid for ny Klinikkstrukturplan tannhelsetenesta 2015-2030. Dette gjeld område som konsekvensar for målgruppe, folkehelse, miljø og samfunnsøkonomi.

Kommunestyret ber Fylkesutvalet utsetje vidare planprosess til ein har fått eit meir omfattande vurderingsgrunnlag, samt at ein har kome lengre i pågåande arbeid med oppgåvedeling jamfør kommunereforma.

Formannskapet - 101/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Meland kommunestyret er uroa av manglar i utgreiingsarbeid for ny Klinikkstrukturplan tannhelsetenesta 2015-2030. Dette gjeld område som konsekvensar for målgruppe, folkehelse, miljø og samfunnsøkonomi.

Kommunestyret ber Fylkesutvalet utsetje vidare planprosess til ein har fått eit meir omfattende vurderingsgrunnlag, samt at ein har kome lengre i pågåande arbeid med oppgåvedeling jamfør kommunereforma.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FA - K21	14/4233

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
98/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
89/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Biosfæreprosjektet

Vedlegg:

Prekvalifiseringssøknad Nordhordland Biosfæreområde

Forslag til saksopplysning og vedtak for kommunane Biosfæreprosjektet

VS Biosfæreprosjektet - saksopplysningar og forslag til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kort om saka:

I 2013 gjorde kommunane i Nordhordland vedtak om å utarbeide ein søknad til UNESCO om å bli det første godkjente biosfæreområdet i Norge. Nordhordland Utviklingsselskap IKS har saman med Universitetet i Bergen (UiB) arbeidd med eit forprosjekt til dette. Det er oppnemnt ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Styringsgruppa har som oppgåve å sikre framdrift, målstyring og innhald i prosjektet, medan arbeidsgruppa jobbar med søknaden, sørger for finansiering, informasjonsarbeid og aktivitetar. Forprosjektarbeidet er finansiert av kommunane i Nordhordlandsregionen og UiB. Prosjekteigar er Regionrådet i Nordhordland. Det er eit krav at eit biosfæreområde skal vere representativt slik at all forsking og kunnskapsdrevet utvikling skal kunne delast og nyttast nasjonalt og internasjonalt. Det tenkte Nordhordland Biosfæreområde strekkjer seg geografisk frå Sognefjorden, opp i Stølsheimen og ut til olje- og gassfeltet utanfor kysten vår. Alle ressursane for vårt moderne samfunn er representert.

Saksopplysningar:

På same måten som UNESCO utnemner verdsarvstader for å bevare viktige historiske verdiar for ettertida, utnemner UNESCO også Biosfæreområder.

UNESCO sitt program *Man and the Biosphere* (MAB) vart etablert i 1971 for å fremja eit tverrfagleg fokus på forvaltning, forsking og undervisning om berekraftig bruk av økosystem og naturlege ressursar. Det viktigaste verktøyet for MAB er oppretting av Biosfæreområder.

Biosfæreprogrammet skil seg frå Verdsarvprogrammet ved at målsettinga er å sjå framover for å sikre ei positiv berekraftig bruk av regionen sine eigne naturgjevne, kulturelle og økonomiske føresetnader, medan Verdsarvprogrammet konsentrerer seg om å ta vare på unik kultur- og naturarv. Her er det ikkje snakk om vern, men om å utvikle ein region på eit moderne, berekraftig vis, med ledeorda; utvikle, støtte og ivareta. Eit biosfæreområde er ein

stad der nytenking og omsynet til landskapet si historie heng i hop. Grasrotengasjement, forsking og kunnskapsdrevet utvikling står sentralt i programmet og det er lagt vekt på dialog og kunnskapsdeling lokalt, nasjonalt og internasjonalt. For Nordhordland er dette eit miljø- og samfunnsutviklingsprosjekt.

Det er 631 biosfæreområder i verda, 231 av desse ligg i Europa. I Europa er det no berre Belgia, Island, Danmark og Norge som ikkje har slike områder. Dersom kommunane i Nordhordland ønskjer det, ligg det no til rette for at vi kan bli det første biosfæreområdet UNESCO utnemner i Norge.

Som kartet og ressursprofilen illustrerer, har vi i biosfæreområdet lagt vekt på at dette skal vere representativt for vestnorsk kystlandskap. Landskapet går frå havet, innover kystlandskapet med fjordar og strandflater til høgfjellet. Området skal representera det moderne livet på Vestlandet og ha i seg alle dei ressursane samfunnet vårt er bygd opp på.

Biosfæreprogrammet vil bidra til auka forsking, større internasjonalt nettverk, initiere lokale prosjekt med fokus på våre kultur- og naturverdiar og engasjement. Greier vi å gjøre dette med høg kvalitet vil dette setje Nordhordland på kartet og byggje ein merkevare for framtida.

Som framdriftsplanen viser er vegen lang fram for å bli godkjent som Biosfæreområde:

- Haust 2014: Handsaming i styringsgruppa, Regionråd og kommunestyra
- Desember 2014: Sende forprosjektsøknad til den norske UNESCO kommisjonen
- 2015/16: Arbeid med hovudsøknad
- Haust 2016: Hovudsøknad til handsaming i kommunestyrer, fylkeskommune og Fylkesmann før endeleg innsending til UNESCO-kommisjonen og til Regjeringa
- Haust 2017: Endeleg søknad vert sendt frå den norske Regjeringa til UNESCO, Paris
- Juni/august 2018: Godkjenning og opning av det nye biosfæreområdet i Nordhordland

Økonomiske konsekvensar:

I budsjettet for biosfæreprosjektet er det lagt opp til at kommunane er med og delfinansierer prosjektet. Summen kommunane skal dekke er til saman kr. 500 000,- årleg for åra 2015, 2016 og 2017

For dei ti kommunane som deltek vert kostnadssummen differensiert med ein fast sum og ein sum delt etter folketalet (vekta med frie inntekter) med slik fordeling *)

Kommune	Andelar i % fordelt ut i frå			
	Fast	Folketal vekta med frie inntekter	Totalt	Fordelt beløp
1252 Modalen	5,0%	0,8%	5,8 %	28 857
1253 Osterøy	5,0%	7,7 %	12,7 %	63 321
1256 Meland	5,0%	7,3 %	12,3 %	61 727
1260 Radøy	5,0%	5,2 %	10,2 %	50 983
1263 Lindås	5,0%	14,9 %	19,9 %	99 471
1264 Austrheim	5,0%	3,2 %	8,2 %	40 910
1265 Fedje	5,0%	1,0 %	6,0 %	30 095
1266 Masfjorden	5,0%	2,3 %	7,3 %	36 349
1411 Gulen	5,0%	3,1 %	8,1 %	40 415
1259 Øygarden	5,0%	4,6 %	9,6 %	47 873
Totalt	50,0%	50,0 %	100,0 %	500 000

Vurdering

Grunnsum: 50 % av totalsummen, resterande sum: 50 % vert fordelt etter folketal (vekta med frie inntekter).

Grunngjeving:

Det tenkte biosfæreområdet er planlagt ut frå at det skal vere eit representativt område for korleis eit moderne samfunn i Norge lever i dag. Det er både ressursane i området og korleis menneska forvaltar desse som til saman utgjer eit kvalifisert biosfæreområde. Det er lagt vekt på dei viktigaste ressursane våre: høge natur- og kulturverdiar, vatn, fisk og olje. Vidare er det også lagt vekt på at vi skal fylle kravet om at om lag 5 % av det totale arealet skal vere verna områder. Dei ti kommunane som inngår, representerer alle viktige element for totalområdet og tilseier at det bør vere ein høvesvis høg grunnsum i fordelinga av kostnadene i prosjektet.

Fram til no har kostnadane med Biosfære blitt fordelt med ein fast sum pr kommune. I første fase av prosjektet løvde kommunane kr 50.000 kvar til arbeidet (juni 2013 – juni 2014) I 2013 betalte kva kommunane inn kr 27.000, resten kr 23.000 vart betalt inn i 2014 (Øygarden var ikkje med i første runde).

Det er no budsjettert for neste fase i prosjektet. I prekvalifiseringssøknaden er det sett opp eit budsjett for åra fram til og med 2017. Vi foreslår at 50 % av totalsummen utgjer ein grunnsum, og at dei resterande 50 % vert fordelt etter folketal (vekta med frie inntekter, jamfør semje i rådmannsutvalet).

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Meland kommune ønskjer å delta i prosjektet for å bli ein del av Nordhordland Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg til å vere med å delfinansiere vår del, kr 61 727,- for hovudfasen av prosjektet innanfor den ramma som er budsjettert i søknaden frå 2015 – 2017.

Formannskapet - 98/2014**FS - behandling:**

Notat frå NUI vart delt ut i møtet.

FS – framlegg til vedtak:

Meland kommune ønskjer å delta i prosjektet for å bli ein del av Nordhordland Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg til å vere med å delfinansiere vår del, kr 61 727,- for hovudfasen av prosjektet innanfor den ramma som er budsjettert i søknaden frå 2015 – 2017.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 231	14/4334

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
101/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
106/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
90/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste 2015 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)

Vedlegg:

Forslag gebyr 2015 plan- og bygesak mm

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande gebymal vart innført i 2014 etter eit samarbeid i regionen. Det er ikkje kome fram vesentelege innvendingar mot gebymalen, noko som tyder på at arbeidet med å finne fram til ei felles utforming har vore vellukka. Sjølve malen vil bli evaluert i 2015 med evt. verknad for 2016.

Når det gjeld betalingssatsane, legg administrasjonen til grunn ein generell prisstigning på 3 – 4 %, med nokre unntak:

- Basisgebyret for plansaker er auka, slik at Meland no nærmer seg nivået hjå nabokommunane (Lindås, Radøy og Osterøy). Pkt 7.1
- Gebyret for relativt kurante dispensasjonar er sett ned. Pkt 9
- Gebyr for forhåndskonferanse i bygesak er innført. Pkt 10.1
- Gebyr for delingssøknader er justert opp eller uendra, for tilpassing til tidsbruken. Pkt 11
- Gebyr for arbeidet med å utgreie ulovlege tiltak er auka. Pkt 12

Vurdering

Gebynivået er sett for å oppnå størst mogeleg grad av sjølvkost. Det vil alltid vere aktivitetene i byggebransjen som er avgjerande for om gebynivået blir nådd eller ikkje. For 2015 vil det framleis vere noko etterverknader av Walde-konkursen, men situasjonen er i ferd med å stabilisere seg i høve til 2014.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Gebyrregulativet er rekna ut i høve til at budsjettområdet skal gå i balanse.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at gebyr for tekniske forvaltningstenester vert auka med i snitt 3,5 %, med nokre justeringar som går fram av teksten.

Før regulativet vert endeleg godkjent, skal det kunngjerast (som høyring) med heimel i forvaltningslova § 37.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2015, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.

Utval for drift og utvikling - 101/2014

UDU - behandling:

UDU – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2015, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.

Formannskapet - 106/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2015, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FE - 121	14/3259

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
100/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
91/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Høyring Regional plan for vassregion Hordaland.

Vedlegg:

Tiltaksanalyse_Nordhordland_17_februar_2014_k56X3

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdeling har ved skriv datert 30.06.14 sendt regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram ut på høyring. Formålet med denne planen er å betre den økologiske tilstanden og få reinare vatn i innsjøar, elver og bekkar, kystvatn og grunnvatn. Den set miljømål for bekkar, elver, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Etter vassforskrifta skal planen verne vassførekomstar mot å få ein dårlegare miljøtilstand, samt betre og gjennopprette tilstanden i dei førekomstane der vasstilstanden ikkje er god nok i fylket. Den regionale planen skal reviderast og oppdaterast i 2021 og 2027.

Den regionale planen er ein oversiksplan basert på dei ulike vassområda sine kartlegginger og tiltaksanalyser. Vassregion Hordaland er delt i fem mindre einingar (vassområde), Meland kommune er med i Nordhordland vassområde. Området er bestemt av vassdraga og kva fjord dei renn ut i, og til vassområdet Nordhordland er det dei vassdraga som renn ut i Fensfjorden, Hjeltefjorden, Herdlefjorden, Radfjorden og Lurefjorden. Høyringsfristen er 31.desember 2014, og det endelige utkastet skal handsamast av fylkeskommunen i 2015. Etter ferdig handsaming blir planen sendt til sentral handsaming og godkjenning av Kongen i statsråd.

Fylkeskommunen ønsker innspel på tilstanden og tiltak føreslått i dei ulike vassførekomstane. Planen er ein oversiksplan, og det har vore ein dialog mellom vassområda og kommunane for å lage oversikta om kva tilstand dei ulike førekomstane har, samstundes som ein har prøvd å greie ut kva påverknadskjelder som er knytt til vassførekomsten.

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram kan lesast på :
<http://vannportalen.no/hordaland>.

Den regionale planen er basert på tiltaksanalysane i dei fem ulike vassområda, og tiltaksanalysen (lokal tiltaksanalyse for Nordhordland vassområde vedlagt saka) er eit fagleg innspel til forvaltningsplanen og det regionale tiltaksprogrammet i Vassregion Hordaland etter vassforskrifta. Dei lokale tiltaksanalysane er ikkje ute på høyring, men er grunnlaget for den

regionale planen. Tiltaka som er foreslått i tiltaksprogrammet i regional plan skal starte i perioden 2016-2018. Miljømålet for vassførekomen skal vere nådd innan 2021, med unntak av område som får utsett frist. Analysen legg fram tiltak for å få betre miljøet og førebyggjande tiltak for vassførekomstar som er i risiko for ikkje nå miljømålet, eller i fare for å få dårligare miljøstand innan 2021.

Tiltaksanalysen for Nordhordland er basert på innspel til tiltak frå kommunane og dei ansvarlege sektormyndene. Mange stader der kunnskapsgrunnlaget har vore for lite, har det blitt arbeidd med å få på plass kartleggingar og overvaking. Det vart søkt og løyvd midlar til kartlegging av blågrønnalger i Nordhordland vassområde i 2012, i 2013 vart 20 innsjøar kartlagt. Vidare vart det søkt og løyvd midlar for å undersøkje lokalitetar der kunnskapsgrunnlaget var lite, dette har blitt utført i 2014.

Mange av Nordhordlands vassførekomstar har god tilstand, men det er ein del som har dårligare vasstilstand. Terskelfjordar og pollar, særleg med høge tersklar, har frå naturens side ein dårlig utskifting av botnvatn. Dei er spesielt sårbare for forureining og er dårlige resipientar, og er nokre av dei største utfordringane.

I Nordhordland er dei største utfordringane:

- Fedje-ubåten
- Punktutslepp frå industri
- Vasskraftregulering
- Utslepp frå diffuse kjelder – avlaup og landbruk
- Blågrønnalger- mange sårbare resipientar, terskelfjordar og grunne vatn
- Sårbare arter – elvemusling er i ferd med å døy ut

Vurdering

I Meland kommune er det totalt 30 vassførekomstar som har vorte vurdert ut ifra tiltaksanalysen. Dei er delt på dei tre kategoriane; elv og bekkefelt, innsjøar og kystvatn (tab. 1)

Tabell 1: Lokalitetene delt på type vassførekomst for heile kommunen.

Vassførekomstar i kommunen:

Elv og bekkefelt	12
Innsjøar	9
Kystvatn	9
Sum:	30

Totalt sett for kommunen har ca. 44 % av vassførekomstane ein antatt god tilstand, 20 % har antatt moderat tilstand og ca. 37 % har antatt dårlig tilstand (tab.2). Innsjøane har høgast del med antatt god vasstilstand med ca. 67 %, til samanlikning er det i elv og bekkar vi ser at det er generelt høgast del med førekomstar som har ein dårlig vasstilstand (tab.2).

Tabell 2: Vasstilstand i kommunens vassførekommstar, øverste del totalt for heile kommunen og nederste del delt på typen vassførekommst.

Vasstilstand totalt for alle kommunens førekommstar

Antatt god (stk)	Prosent andel	Antatt moderat (stk)	Prosent andel	Antatt dårlig (stk)	Prosent andel
13	43,3 %		6	20 %	11 36,7 %

Vasstilstand fordelt på type vassførekommst

Antatt god (stk)	Prosent andel	Antatt moderat (stk)	Prosent andel	Antatt dårlig (stk)	Prosent andel
Elv og bekkefelt	3 25 %		1 8,3 %	8 66,7 %	
Innsjøar	6 66,7 %		2 22,2 %	1 11,1 %	
Kystvatn	4 44,4 %		3 33,3 %	2 22,2 %	

Av 30 vassførekommsta i kommunen er det ikkje alle som står lista i tiltaksanalysen, her står berre dei som er i risiko for å ikkje nå ein betre tilstand innan 2021 eller som står i fare for å få ein därlegare tilstand. Tolv av kommunens vassførekommstar står på lista over førekommstar med fare for å ikkje få betre tilstand eller å få forværra tilstand. Når ein går nedover lista på dei enkelte førekommstane ser ein at det i mange tilfeller er fleire kjelder som påverkar tilstanden til førekommstane. Som ein ser i tabell 2 er det i elv- og bekkeførekommstene det er flest førekommstar med därleg tilstand, og her vil kommunen ha den største delen av sitt framtidige fokus i det vidare arbeidet.

Av dei ulike kategoriene som er lista som hovudutfordringar for vassområdet Nordhordland er det ikkje alle som er aktuelle for Meland kommune sine vassførekommstar. Meland har/har hatt elvemusling i eit vassdrag, Mjåtveitvelva. Avrenninga til vassførekommstane kjem i hovudsak frå spreidd busetnad, landbruk, industri/næring og ukjente/annan typer kjelder. På alle ulike påverknadskjeldar som er i dei ulike vassførekommstane er det foresiått tiltak for å redusere deira påverknad på vasstilstanden. Når det gjeld kva forvalningsmynde som har ansvaret med å følgja opp dei ulike tiltaka, er det i hovudsak kommunen som har ansvaret, men nokre fell inn under fylkesmannens og NVE sin mynde. Dei fleste påverknadskjeldene kommunen har ansvar for å følgje opp er spreidd avlaup og landbruk. Dette gjeld kartlegging av påverknadsskjelder og omfang, samt planlegging for å hindre påverknad.

Administrasjonen meiner at denne tiltaksanalysen gir eit godt oversiktsbilete over den tilstanden vassførekommstar kommunen har i dag. Den peikar på kva tiltak som kan betre tilstanden til den enkelte førekommst. Meland kommune har ein generelt god tilstand i dei vassførekommstane som ligg i kommunen, men den fremhevar samstundes at det er ein del vassførekommstar som ikkje har den tilstanden den burde ha grunna påverknad frå ulike kjelder i nærleiken. Oversikt over dei vassdraga vi har dei største utfordringane i er relativt god. Samstundes må kommunen gjere ei prioritering knytt til vidare arbeid og oppfølging av planen. Dette betyr at kommunen må prioritera dei vassførekommstane der trangen for tiltak er størst. Dei første tiltaka skal setjast i gang i løpet av år 2016, og baserast på den prioriteringa kommunen har gjort. Frist for dei fleste tiltaka som skal gjennomførast i vassførekommstane er sett til 2021, då det vil vere ei rullering av den regionale planen for vassregionen. Det opnast samstundes for at fristen for å gjennomføre tiltaka kan forlengast til 2027. Nokre få tiltak har alt fått den utvida fristen til 2027. Administrasjonen meiner det vil være fornuftig å be om utvida frist for nokre av tiltaka i nokre vassførekommstar for å kunne gjere ei grundig planlegging og gjennomføring, samt at det i nokre tilfeller vil kunne vere ei utfordring å definere påverknadskjelde og omfanget av påverknaden.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at tiltaksanalysen gjev eit godt innblikk i vasstilstanden i kommunen. Analysen er eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å prioritera vassførekostane. Kommunen har ei utfordring med å nå dei måla som er sett i planen innan fristen 2021. Samstundes er det viktig at ein tar seg tid til å kartlegge og planleggje tiltaka godt. Administrasjonen synest at planen gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å få reinare vatn og ein betre økologisk tilstand i dei vassførekostane som ligg i kommunen.

Det vil vere ei utfordring knytt til korleis arbeidet skal gjennomførast, då det er eit omfattande kartleggingsarbeid som skal gjerast. Administrasjonen meiner derfor at det bør utarbeidast praktiske verktøy som gjer gjennomføringa enklare og kvalitetsikrer arbeidet. Samstundes er dette kartleggingsarbeidet ressurskrevande og vi meiner at staten bør øyremerka tilskott til dette arbeidet då kommunane i stor grad må ta denne kostnaden.

Meland kommune ber om at fristane for å gjennomføre tiltaka i vassførekostane i kommunen vert utvida til 2027. Gjennomføringa må samordnast med kommunens aktivitet ellers når det gjeld personell og budsjett. Tiltaka som skal gjennomførast må også inn i dei ordinære handlingsplanane. Dette medfører ikkje at kommunen vil utsetje arbeidet til slutten av perioden.

Framlegg til vedtak:

Utval for drift og utvikling meiner at tiltaksanalysen for Nordhordland gjev eit godt innblikk i vasstilstanden i vassførekostar i kommunen, jf saksutgreiinga og konklusjonen. Utvalet ber om at frist for gjennomføring blir sett til 2027 for alle tiltaka som inngår i den regionale planen for vassregion Hordaland.

Utval for drift og utvikling - 100/2014

UDU - behandling:

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen og skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen orienterte om saka.

UDU – framlegg til vedtak:

Meland kommunestyre meiner at tiltaksanalysen for Nordhordland gjev eit godt innblikk i vasstilstanden i vassførekostar i kommunen, jf saksutgreiinga og konklusjonen. Kommunestyret ber om at frist for gjennomføring blir sett til 2027 for alle tiltaka som inngår i den regionale planen for vassregion Hordaland.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FA - V60, FA - V62, TI - &13	14/4453

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
113/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
92/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Høyring om forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikten.

Vedlegg:

Høringsbrev.doc (L)(381756)

Høringsnotat.doc (L)(381750)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Den 15. oktober i år sendte Landbruks- og matdepartementet ut eit notat på høyring. Notatet omfattar eit forslag om å oppheva lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) frå 2003. Forslaget foreslår også å oppheva lovføresegner som i lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova) frå 1974 omfattar buplikt.

Bakrunnen for forslaget er i Sundvoll-plattforma, kor regjeringa legg opp til at den enkelte bonde skal få større råderett over eigen eigedom. Regjeringen vil mellom anna oppheve konsesjonslova og buplikta, og redusera landbruksbyråkratiet. Høyringsnotatet legg til grunn at konsesjonslova avgrenser seljars vilje til å leggja ut eigedommen på sal i eit ope marknad. Dette kan vere til hinder for eit effektivt marknad for omsetting av konsesjonspliktige landbrukseigedomar. Vidare blir det peika på at dette kan svekke rekruttering til næringa og at dette samstundes er eit hinder for aktive næringsdrivande som ønskjer tilleggsjord for å rasjonalisere landbruksdrifta si.

Dei konkrete forslaga departementet legg fram i høyringsnotatet er:

- Konsesjonslova i si heilskap oppheva. Erverv av fast eigedom vil ikkje lenger vere avhengig av løyve (konsesjon).
- Det vil ikkje lenger vere buplikt ved erverv av landbrukseigedom.

Departementet meiner at dei omsyna som lova skal ivareta ikkje er tilstrekkeleg tungtvegande til at ein skal oppretthalde den kontrollen på omsettinga som konsesjonslova inneber. Departementet meiner også at ut ifrå omsynet til eit heilskafeleg regelverk må buplikt for dei odels- og åseteberettiga også opphevast. Det same gjeld dei andre reglane om buplikt i odelslova.

I høyringsnotatet legg departement vekt på at ei eventuell oppheving av konsesjonslova og endring i odelslova vil frigi ressursar hjå kommunane då det ikkje lenger vil være naudsynt

med konsesjonsbehandlingar. Det vil også fjerne kommunane sitt ansvar for oppfølging av brot på konsesjon og kontroll av eigenerklæringer. Dersom konsesjonslova vert oppheva vil det ikkje lenger kunne vedtakast forskrift om nedsett konsesjonsgrense. Og dei eksisterande forskriftene vil verta oppheva, då det ikkje lenger vil vere ein lovheimel for dei. Konsesjonslova vil heller ikkje verta erstatta av andre reglar.

Forslaget ligg nå ute på høyring til 15. januar 2015, og høyringsdokumenta ligg ute på www.regjeringen.no/lmd.

Vurdering

Dei administrative konsekvensane av opphevingane og endringar for kommunen, er at erverv av landbrukseigedomar ikkje lenger vil trenge løyve frå kommunen. Dette vil medføre at alle landbrukseigedomar som i dag er regulert av konsesjonslova vil kunne omsettast på den frie marknaden. Kommunen vil heller ikkje ha høve til å regulere prissettinga. Ved ei oppheving vil dei som måtte ønskje, det kunne erverve ein landbrukseigedom. At kravet om buplikt vert oppheva betyr at kommunen ikkje vil ha høve til å krevja buplikt av ervervar. Driveplikta vil vere den same som i dag. Bortfall av konsesjonslov og buplikt medfører at landbrukseigedomar i Meland kommune kan nyttast som fritidsbustader, så lenge jordbruksarealet fortsett vert drive slik som eigar er pålagt etter jordlova.

Konsesjonslova regulerer i dag kva form for eigarskap som det kan vera på ein landbrukseigedom. Konsesjonslova har vanskeleggjort selskap med avgrensa ansvar sitt høve til å kjøpe landbrukseigedomar. Men dersom lova vert oppheva vil ikkje kommunen lenger ha kontroll med kven som kjøper ein landbrukseigedom, og eigarstrukturen kan t.d. verte endra ved at AS og andre selskap kjøpar opp eigedommane. Korleis ei slik endring vil påverka kommunen vil vera vanskelig å sei i detalj eller i eit langt perspektiv. Men ei oppheving av konsesjonslova og buplikta vil kunne få store konsekvensar for eigarstruktur og busettingsmønster.

Departementet vektlegg i sitt høyringsnotat at det er gjort mykje forskning omkring landbrukslovgjevinga sine verknader. Dei seier vidare at den forskninga som er gjort, synleggjer ulike følgjer av lovgjevinga. Det fremhevar samstundes at det er vanskelig å isolere ein bestemt regel og konkluderar sikkert om verknadene, og at det er andre viktige tilhøve som spelar inn. Dei påpeiker at både økonomien i landbruket og dei følelsesmessige banda eigarane eller familien har til eigedomen, har innverknad for kva som skjer med eigedomen.

Administrasjonen meiner at når det er vanskeleg å isolere ei bestemt lov for å analysera ringverknadene den har for landbruket, er det feil å konkludere med at lova ikkje har ein positiv verknad på landbruket. Og at dersom det er eit komplekst system kor mange lover saman med økonomiske høve og kjensler spelar inn på kva som skjer med ein landbrukseigedom, er det feil å fjerne ei heil lov. Ein burde heller vurdere ei betre tilnærming for å analysere verknaden av heile systemet, for å gjere tilpassingar som betre vil oppfylle felles samfunnsmål. Det blir i høyringsnotatet lagt stor vekt på at konsesjonslova er eit hinder for eit heilskaplig og godt landbruk; denne konklusjon er konflikt med argumentet om at det ikkje er mogeleg å dra ein heilt sikker slutning om verknaden av konsesjonslova.

I høyringsnotatet vektlegg også departementet at både plan- og bygningslova og jordlova vil kunne nyttast til bruk og vern av fast eigedom og derfor ivaretak samfunnsomsyn. Departementet meiner at plan-og bygningslova og jordlova dekker dei omsyna og interessene som konsesjonslova skal ivareta. Administrasjonen meiner at dette ikkje er rett, då konsesjonslova skal ivareta landbrukets interesser og sikre ei god forvaltning av landbruksressursane. Korkje plan- og bygningslova eller jordlova har verkemiddel til å kunne

sikre at dei som erverver eigedom vil ta vare på landbruksressursane inkuldert bygningar, kulturlandskap mm.

Reglane i konsesjonslova gjeld ved omsetting av eigedom, og departementet meiner at dette direkte påverkar omsettinga og vidare bidreg til høg snittalder på eigarar av landbrukseigedom. Administrasjonen meiner at det depatementet peikar på, ikkje direkte kan knyttast til konsesjonslova. At det er høg gjennomsnittsalder på eigarane av landbrukseigedommar samsvarer med andre trekk i utviklinga i landbruket der det er låg interesse for å overta gardsbruk. Dette kan truleg knytast tettare til dei økonomiske rammebetingelsane i landbruket, ved at mange kvir seg for å overta då det er dårlig økonomi i landbruksdrift. Rekrutteringsproblema i landbruket kan og sjåast i samanheng med rekrutteringa til landbruksutdanning, der ein har slite. Departementet viser vidare til at det er få landbrukseigedommar som vert omsett på den frie marknaden, og at konsesjonslova her er ein dempande faktor som hindrar intereserte kjøperar. Administrasjonen meiner dette heller vil kunne knyttast til dei økonomiske rammebetingelsane i landbruket enn til sjølve lovgjevinga.

På sikt vil fjerning av konsesjonslova kunne redusere og svekke rekrutteringa til landbruket, særleg i meir sentrale område. I meir sentrale område er det eit mykje større press på å erverve landbrukseigedomar av andre interesser enn dei som ønskjer å drive med landbruk. Mange landbrukseigedomar vil vera attraktive å nytte som fritidseigedomar, eller til andre formål. Her vil mange av dei som ønskjer å drive med landbruk kunne bli pressa ut pga. manglande kapital.

Konklusjon

Svak rekruttering til landbruket er ikkje nødvendigvis ein konsekvens av konsesjonslova. 60% av landbrukseigedomane som vert omsett er ikkje konsesjonspliktige, og det er truleg dei økonomiske rammene for landbruksdrift og eigarane sine kjensler for garden som gjer at ikkje fleire eigedomar ikkje vert lagt ut for sal. Forslaget vil medføra fri prissetting noko som kan gjera det vanskelegare for unge å få kjøpa seg ein landbrukseigedom. Både selskap med avgrensa ansvar (AS m.fl) og kapitalsterke kjøparar som ynskjer fritidseigedomar vil lettare kunne fortrengja den gruppa ein eigentleg ynskjer inn i landbruket. Erfaring frå andre stader i verda er at landbruksareal vert kjøpt opp av utanlandske selskap, noko som ikkje er ei ynskja utvikling for oss.

Det vert argumentert med at forslaget vil medføra mindre arbeid for kommunane. Konsesjonssaker er gebyrfinansiert og at det er få saker i kvar kommune, og det er difor ikkje sikkert at det vil gje særlege innsparingar for kommunen.

I vår kommunen er erfaringane at den største hindringa for å kjøpa tilleggsjord er at prisen er blitt så høg at det er vanskeleg for bønder å konkurrera med andre meir kapitalsterke kjøparar. Når ein no foreslår å fjerna priskontrollen heilt er det truleg at prisen på landbrukseigedomar vil auka. Dette kan vera positivt for dei som sel, men situasjonen for dei som ynskjer å kjøpa og driva ein landbrukseigedom vert vanskelegare.

Kommunen ynskjer å ha ein variert bruksstruktur, med både små og store bruk busett av eigarane. Framleggget vil gjera at viktige verkemidel for å nå dette målet vert vekke. Ei oppheving av konsesjonslova og buplikta vil kunne få store konsekvensar for eigarstruktur og busettingsmønster. Det blir i høyringsnotatet lagt stor vekt på at konsesjonslova er eit hinder for eit heilskaplig og godt landbruk; denne konklusjonen er i konflikt med argumentet om at det er ikkje mogeleg å dra ei heilt sikker slutning om verknaden av konsesjonslova.

Det er ikkje klart om konsekvensane av å oppheva konsesjonslova vil gje dei effektane som departementet ynskjer, og det bør difor gjerast ei meir grundig vurdering før ein gjer så omfattande endringar som her er foreslått.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune går imot Landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor. Evt. endringar må vurderast grundigare m.o.t. konsekvensane for kommunane sin arealpolitikk, og m.o.t. kva for lovendringar som evt. må til for å ivareta verkemidla.

Utval for drift og utvikling - 113/2014

UDU - behandling:

Landbruksjef Laila Bjørge og skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen orienterte om høyringsforslaget.

Framlegg til vedtak frå Atle Håtuft, FrP:

Meland kommune går inn for Landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheve konsesjonsplikta og buplikta.

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Atle Håtuft, FrP, fekk 3 røyster for, 4 i mot (AP - 1, SP, V, MDG) og fall.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster for, 3 i mot (H, FrP) og er såleis vedteke.

UDU – framlegg til vedtak:

Mot 3 røyster - H og FrP:

Meland kommune går imot Landbruks- og matdepartementet sitt forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor. Evt. endringar må vurderast grundigare m.o.t. konsekvensane for kommunane sin arealpolitikk, og m.o.t. kva for lovendringar som evt. må til for å ivareta verkemidla.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen		14/4432

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
98/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
93/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Spørsmål om sikring av Mjåtveittjørna naturvernområde

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På bakgrunn av spørsmål om sikring av Mjåtveittjørna m.o.t. ulukker, har ordføraren bedt om at ei sak blir lagt fram for Utval for drift og utvikling. Jf også spørsmål i spørjetimen i Kommunestyret den 19.11.2014.

Vurdering

Mjåtveittjørna og området omkring er regulert til Naturvernområde i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka. Mjåtveittjørna har fått denne statusen fordi det i utgangspunktet er eitt av tre naturleg fisketomme vatn i kommunen, lista opp i kategori B – viktig – i kommunen sin eigen naturtypekartlegging. Tjørnet er m.a.o. ein naturtype som ikkje er utbreidd i kommunen, med eit heilt eige «dyreliv» (plankton, insekt, amfibiar og liknande.). Den fisken som er sett ut, høyrer ikkje heime der, eller på Vestlandet i det heile.

Samstundes er Mjåtveittjørna eit myrtjørn som gjennom ein naturleg og langvarig prosess vil tilstrebe å bli ei myr. I denne gjengroingsprosessen vil tilførsel av humus laga nye område i vatnet, desse framstår som jordøyar; prosessen vil fortsetje i lang tid før tjørnet eventuelt til slutt blir transportert til myr. Det vil undervegs vekse ut nye kantar langs tjørna, dei kan bryte seg laus og drive rundt i vatnet.

Reguleringsstatusen tyder at kommunen sjølv ønskjer å ta vare på denne sjeldne natyrtypen. I utgangspunktet er det svært verdifullt å ha tilgang til slike verdiar i nærleiken av der folk bur, under føresetnad av at ein maktar å skjøtte området. Det inneber m.a. at området er mest mogeleg inngrepsfritt.

Kommunen er grunneigar til sjølve tjørnet, med grense mot internvegen i industriområdet. Kommunen eig ikkje grunnen mot busetnaden i Mjåtveitmarka eller næringsverksemndene i industriområdet. I kva grad ein skal sikre seg mot mogelege ulukker, er det mange ulike syn på. Dersom kommunen skal påleggje grunneigarane å sikre eigedomane mot ulukker, bør sikringstiltak bli plassert i formålsgrensa mellom busetnaden/fellesområdet/næringsområdet og naturvernområdet, slik at naturtypen framleis blir teken vare på.

Folkehelse: Det er stilt spørsmål om ulukkesfaren ved at tjørnet ikkje er sikra/gjerda inn, meiningane er delte.

Miljø: Vernestatusen skal sikre at tjørna ikkje forsvinn som naturtype. Evt. inngrep må skje i utkanten (yttergrensa) av det regulerte naturvernombordet.

Økonomi: I utgangspunktet er grunneigarane ansvarleg for sikring. Området der det evt. kan setjast opp sikring er i privat eige.

Konklusjon

Sidan det er reist eit spørsmål om Mjåtveittjørna er sikra mot ulukker, bør grunneigarane og andre partar i fellesskap drøfte utfordringane og mogelege løysingar. Kommunen kan ta initiativ til drøftingane. Målet må vere å hindre barn i å bevege seg ut mot tjørna, samstundes som naturvernombordet blir teke vare på og skjøtta på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Utval for drift og utvikling ber administrasjonen ta initiativ til dialog med grunneigarane og andre partar i området for å drøfte utfordringar og mogelege løysingar for å sikre Mjåtveittjørna mot ulukker, samstundes som Mjåtveittjørna blir teke vare på som naturvernombord.

Utval for drift og utvikling - 98/2014

UDU - behandling:

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland, H, **7 røyster for, 0 i mot** og er såleis vedteke.

UDU – framlegg til vedtak:

Utval for drift og utvikling ber administrasjonen ta initiativ til dialog med grunneigarane og andre partar i området for å drøfte utfordringar og mogelege løysingar for å sikre Mjåtveittjørna mot ulukker, samstundes som Mjåtveittjørna blir teke vare på som naturvernombord. Utval for drift og utvikling ber kommunestyret bevilge kostnadene til gjerdematriell for oppsettning av gjerde rundt Mjåtveittjørna til Mjåtveit Vel. Vellaget setter opp gjerde på dugnad.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 465	14/2202

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
94/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Søknad om vidare permisjon frå politiske verv

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har motteke søknad frå Solbjørg Åmdal Sandvik om vidare permisjon frå politiske verv. Søknaden er grunngjeven og dokumentert med helsemessige tilhøve. Søknaden gjeld no ut kommunestyreperioden, men dersom helsetilstanden skulle betre seg, kan det vere aktuelt for ho å tre inn att i dei politiske verva. Ho har difor vald å bruke omgrepet permisjon og ikkje fritak i søknaden sin.

Vurdering

I samsvar med kommunelova § 15 nr 2 kan kommunestyret etter søknad gi fritak frå politiske verv dersom ein folkevald «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.» Fritak kan gjevast for eit kortare tidsrom eller ut kommunestyreperioden. I kommentar-utgåva til kommunelova er det lagt til grunn at helsemessige tilhøve kan vere eitt av dei vilkåra som denne lovparagrafen omhandlar.

I kommentarutgåva er det også drøfta kva som eventuelt vil gjelde dersom ein folkevald skulle ønske å avbryte ein innvilga permisjon (fritak) og tre inn att i vervet eller verva sine. For stortings-representantar er det avklart at dei har rett til å avbryte ein permisjon når som helst, og iflg. Overå/Bernt er det då ikkje grunnlag for tolke kommunelova annleis (note 3 til § 15.2).

Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

Miljø

Ikkje relevant i saka.

Økonomi

Ikkje relevant i saka.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir Solbjørg Åmdal Sandvik permisjon frå alle politiske verv ut kommunestyreperioden.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 216	14/4598

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
95/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Selskapskontroll

Vedlegg:

Selskapskontroll - særutskrift av sak 34/14 i Kontrollutvalet for Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i MAKS Meland Arbeids- og Kompetansesenter AS der kommunen har eigarandel på 54 %.